



Direktoratet for
e-helse

Årsrapport 2021

Direktoratet for e-helse



Tittel på publikasjonen:

Årsrapport for Direktoratet for e-helse 2021

Gitt ut:

15. mars 2022

Gitt ut av:

Direktoratet for e-helse

Kontakt:

postmottak@ehelse.no

Postadresse:

Postboks 221 Skøyen, 0213 Oslo

Besøksadresse:

Verkstedveien 1, 0277 Oslo

Tlf.: 21 49 50 70

Innhold

1 Leiars melding	4
2 Introduksjon til verksemda og hovudtal	7
Omtale av verksemda og samfunnsoppdraget	7
Omtale av organisasjon og leiing	8
Utvalde hovudtal	9
3 Årets aktivitetar og resultat	10
Hovudmål 1: Samordna utvikling på e-helseområdet	10
Hovudmål 2: Tydelege rammevilkår for arkitektur, sikkerheit og samhandling	16
Hovudmål 3: Bättre journal- og samhandlingsløysingar	22
Hovudmål 4: Oppdaterte og tilgjengelege helsedata	32
Fellesføringar	37
Andre oppdrag	38
Tillegg til tildelingsbrev	40
Faste oppdrag i samsvar med hovudinstruks	48
Ressursfordeling og resultat	56
4 Styring og kontroll i verksemda	58
Porteføljestyring	59
Sikkerheit, personvern og beredskap	59
Økonomi	61
Innkjøp	61
Arbeidsmiljø og likestilling	62
5 Vurdering av framtidsutsikter	63
6 Årsrekneskap	65
7 Vedlegg	77

1 Leiars melding

Vi har gode helse- og omsorgstenester i Noreg, og vi er på veg mot målet om Éin innbyggjar - éin journal. Helsepersonell skal ha enkel og sikker tilgang til pasientopplysningar og data skal vere tilgjengeleg for kvalitetsforbetring og forskning. Samtidig skal innbyggjarane ha tilgang på enkle og sikre digitale tenester.

Digitalisering er avgjerande for å sikre eit trygt og berekraftig helsevesen. Direktoratet for e-helse har ei sentral rolle i arbeidet med å nå dei overordna helse- og omsorgspolitiske måla om å levere gode, likeverdige og berekraftige helse- og omsorgstenester. Vi skal leggje til rette for nasjonal samordning og ei heilskapleg og føreseieleg e-helseutvikling. Saman med alle aktørane i sektoren jobbar vi for heilskaplege, trygge og nyskapande tenester som fremjar helse og meistring.

Innbyggjarane og helsepersonell har lagt ned ein formidabel innsats og vist ei enorm omstillings- evne gjennom pandemien. Koronapandemien understrekar kor viktig det er med gode digitale tenester. Vi ser at både kommunar, helseaktørar og næringsliv har bidrege til utvikling og innføring av nye innovative løysingar. Kjernejournal og [helsenorge.no](https://www.helsenorge.no) har spelt nøkkelrollar i pandemi- bekjempinga og innbyggjarane har teke i bruk digitale tenester både på nye område og i aukande omfang.

I 2021 fastsette vi ein endringsagenda for direktoratet som gir ei tydeleg retning for den vidare utviklinga til direktoratet. Brukarbehova skal stå i sentrum i alt arbeid direktoratet gjennomfører. Direktoratet skal byggje tillit og opplevast som eit talerøyr for heile sektoren. Vi skal arbeide for føreseieleg nasjonal e-helseutvikling og auka gjennomføringskraft. Direktoratet skal ha auka merksemd på nyttestyring og felles retning på porteføljen av digitaliseringsprogram i sektoren. Vi skal tydeleggjere styresmaktsrolla vår og innta ei mindre operativ rolle i gjennomføringa av program. Gjennom kompetanseutvikling og rekruttering, skal vi sørge for at direktoratet har rett kompetanse til å løyse oppgåvene i dag og i framtida og behalde vår posisjon som ein attraktiv arbeidsplass. Endringsagendaen skal bidra til å realisere måla som er sette på e-helsefeltet.

Riksrevisjonen offentleggjorde konklusjonane sine frå to undersøkingar knytt til Direktoratet for e-helse i slutten av juni i 2021. Den eine handlar om Helse- og omsorgsdepartementets og Direktoratet for e-helses styring av Éin innbyggjar – éin journal, den andre om innkjøp av konsulenttenester i direktoratet.

Oppfølging av Riksrevisjonens undersøkingar har stått sentralt i arbeidet til direktoratet i 2021. Det skal gjelde høge krav til både styring av digitaliseringsprosjekt og innkjøp i offentleg sektor. Og skal vi lykkast med digitaliseringa av helse- og omsorgssektoren, er vi avhengige av tillit frå samfunnet og eit godt samarbeid med alle som blir omfatta. Konklusjonane frå Riksrevisjonen blir derfor tekne på største alvor i direktoratet, og vi er einige i tilrådingane deira.

Direktoratet leverte hausten 2021 ein rapport til Helse- og omsorgsdepartementet som oppsummerer evalueringa av den nasjonale styringsmodellen på e-helseområdet i dag. Rapporten foreslår korleis styringsmodellen kan vidareutviklast for å vareta heilskapleg og i størst mogleg grad forpliktande e-helseutvikling. I forslaget blir det lagt vekt på at styringsmodellen skal vere eit verktøy for auka gjennomføringsevne gjennom drøfting av felles prioriteringar, oppfølging av felles planar og utfordringar for e-helsetiltak som er i gang. Modellen skal bidra til å sikre breitt forankra prosessar, og til at både departementet og direktoratet har ein tilstrekkeleg god oversikt over behova og prioriteringane i sektoren. Vinteren 2022 er forslaget sendt på offentleg høyring.

Arbeidet med å gjennomføre Program pasientens legemiddelliste i samsvar med plan, har høg prioritet hos alle aktørane i sektoren og i direktoratet. Formålet med programmet er å realisere ei felles legemiddelliste på tvers av omsorgsnivåa. Helsepersonell bruker mykje tid på å finne ut kva legemiddel pasientane bruker. Dei har behov for ei felles, oppdatert oversikt over legemidla til pasienten. Når legemiddelinformasjon blir delt digitalt i helsetenesta, vil det gi auka kvalitet på legemiddellista og frigjere meir tid til pasientbehandling.

Pasientens legemiddelliste blir gradvis realisert gjennom fleire tiltak. Hausten 2021 starta utprøvinga av Pasientens legemiddelliste i Helse Vest RHF og Bergen. Dette var ein svært viktig milepæl i programmet. Erfaringane frå utprøvinga vil vere avgjerande for vidare innføring nasjonalt. Tiltak knytt til kvalitet i e-resept, utprøving og innføring av elektronisk multidose, og innføring av kjernejournal i pleie og omsorgstenesta er også i gang. I løpet av 2021 har pleie- og omsorgstenesta i rundt 100 kommunar fått tilgang på kjernejournal. Tilbakemeldingane er svært positive. Fleire leverandørar tilbyr no e-multidose og rundt 80 legekantor nyttar den nye løysinga. Norsk helsenett SF har lansert første versjon av sentral forskrivningsmodul, som skal bli ein felles legemiddelmodul på tvers av helsetenesta. Den blir no prøvd ut ved to legekantor. Pasientens legemiddelliste er svært etterspurt av helsetenesta. Realisering av programmet er komplekst og omfattar mange brukarar, men arbeidet er i samsvar med plan og vil ha fullt fokus i direktoratet framover.

Hausten 2021 leverte direktoratet rapporten *Samarbeid med næringslivet på e-helseområdet: anbefaling om bruk av forskning, innovasjon og næringsutvikling for å styrke gjennomføringskraften*¹. Rapporten slår fast at e-helseområdet treng betre samarbeid mellom det offentlege og private, og peikar på ei rekkje utfordringar som må løysast. Eit av hovudproblema er at mange prosjekt strandar på pilotstadiet. Ein av fleire konkrete tilrådingar i rapporten er å styrkje entreprenørskap og leggje til rette for rammevilkår som sikrar innkjøp av vellykka pilotar ved innovative kjøp.

Når det gjeld arbeidet med innkjøp av konsulenttenester, har direktoratet jobba systematisk med fleire forbetringstiltak. Dette arbeidet har gått føre seg frå august 2020. Forbetringsarbeidet er vidareført og styrkt gjennom 2021. I 2021 har vi også jobba med å styrkje direktoratet sin eigen kjernekompetanse, og det er tilsett om lag 60 nye medarbeidarar.

Våren 2021 starta arbeidet med ny nasjonal e-helsestrategi, som skal gjelde frå 2023. Strategien skal bidra til auka gjennomføringsevne på e-helseområdet. Den skal være førande for vegval og prioriteringar, og bidra til å skape felles retning og føreseielegheit for digitaliseringsarbeidet i helsetenesta. Direktoratet for e-helse har ansvaret for å fasilitere utviklinga av strategien. Den skal gjelde for heile sektoren. Strategien blir derfor utvikle i samarbeid med dei ulike aktørane i helse- og omsorgssektoren. Strategien skal bli tydelegare og gi eit betre utgangspunkt for prioritering og sikre ei heilskapleg og i størst mogleg grad forpliktande e-helseutvikling. Den skal leggje grunnlaget for ei utvikling som set innbyggjar, pasient og pårørande i sentrum og bidra til å gi helsepersonell ein enklare arbeidskvardag. Etter planen skal utkast til strategi sendast på høyring i slutten av mai 2022.

I 2021 har strategiarbeidet handla mykje om å få på plass eit solid kunnskapsgrunnlag. Arbeidet har vore basert på brei involvering og består av ein nosisasjonsanalyse og ein scenarionalyse. Meir enn 50 ulike organisasjonar som representerer ulike delar av helse- og omsorgssektoren, har vore involverte, deriblant pasient- og brukarforeiningar, helsepersonell, forskingsmiljø og næringsliv. Dette bidreg til at den nye strategien er tufta på kunnskapen til dei som kjenner behova best.

¹ Rapport: [Samarbeid med næringslivet på e-helseområdet: anbefaling om bruk av forskning, innovasjon og næringsutvikling for å styrke gjennomføringskraften](#)

Arbeidet med Program digital samhandling er eit sentralt bidrag i arbeidet med føreseieleg nasjonal e-helseutvikling og auka gjennomføringskraft. Kjernen i programmet er å leggje til rette for at innbyggjarane og helsepersonell kan utveksle informasjon digitalt. Gjennom betre informasjonsflyt på tvers av helsetenesta, skaper vi eit enklare og tryggare Helse-Noreg. Programmet blir gjennomført stegvis, med kontinuerlege leveransar som bidreg til betre samhandling i helse- og omsorgstenesta. I første steg av programmet skal Direktoratet for e-helse, i samarbeid med Norsk Helsenett SF og sektor, vidareutvikle løysingar for trygg og sikker informasjonsdeling, etablere ei nasjonal informasjonsteneste for oppslag av laboratorie- og radiologisvar og dessutan planleggje for neste steg i programmet. Samhandlingsplattforma blir det digitale navet som legg til rette for informasjonsutveksling og godt samarbeid mellom dei ulike omsorgsnivåa i heile pasientforløpet.

Etablering av og vidareutvikling av digitale løysingar står sentralt i Program digital samhandling. Samtidig er det viktig å understreke at digitalisering handlar om langt meir enn teknologi og utvikling av løysingar. Digitalisering handlar mest om å innføre nye måtar å jobbe på, om menneskjer og organisasjonsendringar. For å kunne samhandle digitalt, må juridiske føresetnader, avtalemessige forhold, bruk av omgrep og tekniske grensesnitt tilpassast, endrast og fungere saman.

Kodeverk og felles terminologi er ein viktig del av fundamentet som legg til rette for nasjonale e-helseløysingar. Gjennom 2021 har direktoratet saman med Helseplattforma utvikla versjon 1 av felles språk basert på Snomed CT. Planen er å utvikle dette vidare og breidde det ut i heile landet.

Arbeidet med Helsedataprogrammet har vore høgt prioritert i direktoratet. I 2021 vart Helsedataservice etablert på Tynset. Helsedataservice skal gi god og profesjonell rettleiing til forskarane og vil få ei viktig rolle i saksbehandlinga som blir gjort felles for helseregistera. I 2022 skal det lanserast ei felles saksbehandlingsløysing som vil bidra til at behandlingstida for søknader om bruk av helsedata til sekundærbruk, går ned.

På slutten av fjoråret fatta Direktoratet for e-helse ei svært vanskeleg avgjerd. Utviklinga av Helseanalyseplattforma vart sett på pause. Bakgrunnen er i hovudsak juridiske utfordringar som følgje av Schrems II-dommen. Helseanalyseplattforma blir dermed ikkje lansert som planlagt i april 2022. Som ein konsekvens av avgjerda, vil Direktoratet for e-helse i 2022 vurdere alternative løysingar for å realisere data- og analysetenester på Helseanalyseplattforma. Sjølv om arbeidet med Helseanalyseplattforma er sett på pause, skal Direktoratet for e-helse jobbe vidare med å levere nytte for samfunnet frå dei investeringane som er gjort og dei løysingane som allereie er etablerte gjennom Helsedataprogrammet.

Eg vil takke alle aktørane i helse – og omsorgssektoren for godt samarbeid gjennom 2021. Eg er takknemleg for måten eg har vorte tatt imot på og for ein ærleg og open dialog. Det er lagt ned ein betydeleg innsats av mange i 2021, og 2022 blir eit viktig år for e-helsefeltet der vi skal byggje vidare på moglegheitene innan digitalisering for å skape vår felles helseteneste.

Oslo, 15. mars 2022



Mariann Hornnes

Direktør for Direktoratet for e-helse

2 Introduksjon til verksemda og hovudtal

Omtale av verksemda og samfunnsoppdraget

Direktoratet for e-helse er eit forvaltingsorgan underlagt Helse- og omsorgsdepartementet, og har nasjonal myndigheit som fagleg rådgivar, pådrivar og premissgivar på e-helseområdet².

- Som fagleg rådgivar har Direktoratet for e-helse ansvar for å halde seg orientert om e-helseutviklinga og gi råd til Helse- og omsorgsdepartementet og helse- og omsorgssektoren.
- Som pådrivar har Direktoratet for e-helse ansvar for at sektoren er samordna og er i tråd med nasjonale e-helsestrategiar, planar og tiltak slik at ein kan nå nasjonale helsepolitiske mål.
- Som premissgivar har Direktoratet for e-helse ansvar for å utarbeide krav og rammevilkår for e-helseutviklinga.

Samfunnsoppdraget til Direktoratet for e-helse er å styrkje digitaliseringa i helse- og omsorgssektoren for å understøtte effektive og samanhengande helse- og omsorgstenester. Direktoratet for e-helse skal leggje til rette for nasjonal samordning og ei heilskapleg og føreseieleg e-helseutvikling.

Visjonen vår er å skape eit enklare Helse-Noreg. Vi bidreg til kvalitet, auka pasienttryggleik og meir effektive helse- og omsorgstenester gjennom å styrkje digitaliseringa.

Ei trygg og samanhengande helseteneste føreset at vi samarbeider om å løyse felles utfordringar. Det som kan løysast nasjonalt, skal bli løyst nasjonalt. Derfor er det å samle aktørane i Helse-Noreg om ei felles retning avgjerande for å lykkast med ein digital transformasjon av helse- og omsorgssektoren. Misjonen vår er å samle Helse-Noreg om ei felles retning for digitalisering.

I 2021 fastsette vi ein endringsagenda for direktoratet. Brukarbehova skal stå i sentrum i alt arbeid direktoratet gjennomfører. Vi skal byggje tillit og opplevast som eit talerøyr for heile sektoren. Direktoratet skal ha auka fokus på nyttestyring og felles retning i porteføljen av digitaliseringsprogram i direktoratet. Vi skal løfte fram vår styresmaktsrolle og innta ei mindre operativ rolle i gjennomføringa av program. Direktoratet skal arbeide for føreseieleg nasjonal e-helseutvikling og auka gjennomføringskraft. For å lykkast i arbeidet må direktoratet vere ein attraktiv arbeidsplass med rett kompetanse. Gjennom kompetanseutvikling og rekruttering skal vi sørge for at direktoratet har rett kompetanse til å løyse oppgåvene i dag og i framtida.


² E-helse er ei nemning for digitalisering i helse- og omsorgssektoren. Digitalisering er eit sentralt verkemiddel for å effektivisere og vidareutvikle sektoren og bidreg til betre kvalitet i helse- og omsorgstenestene, pasientsikkerheit og personvern. Digitalisering skal understøtte nødvendig samhandling i sektoren til nytte for innbyggjarar, pasientar og helsepersonell, styring, statistikk og vitskaplege formål. Denne definisjonen er henta frå hovudinstruksen for Direktoratet for e-helse.

Omtale av organisasjon og leiding

Direktoratet for e-helse er organisert i tre divisjonar med tilhøyrande avdelingar og seksjonar. Divisjonane rapporterer til direktør. I tillegg rapporterer avdelingane organisasjon, kommunikasjon, legemiddel og helsedata til direktør.

I 2021 har direktoratet etablert Helsedataservice som førstelinjeteneste for tilgang til helsedata. Helsedataservice er organisert som ein seksjon i avdeling helsedata, og er lokalisert på Tynset.

Det er berre gjort mindre justeringar i organiseringa av direktoratet i 2021. Avdeling juss og informasjonssikkerheit er seksjonert, og HR er mellombels etablert som ein seksjon. Ansvarsområde som opphavleg var tenkt lagt til ei avdeling med ansvar for innbyggjartenester, vart varetekne av avdeling journal og helsepersonell i 2021. I starten av 2022 vart dette framforhandla som ei varig løysing, og avdelinga skifta namn til avdeling innbyggjar- og helsepersonelltenester. Direktoratet vil gjennomføre ei kartlegging for å avdekkje eventuelle behov for organisasjonsutvikling. Kartlegginga starta første kvartal 2022.



Figur: Organisasjonskart for Direktoratet for e-helse per 31. desember 2021.

Første halvår hadde Direktoratet for e-helse fleire konstituerte leiarar. Mariann Hornnes starta som direktør sommaren 2021. Lucie Aunan begynte i stilling som divisjonsdirektør for samhandling på seinsommaren, og utover hausten vart dei fleste leiarposisjonane fylte med faste tilsette. Det er berre konstituert leiar i éi avdeling; avdeling organisasjon.

Utvalde hovudtal

Årsverk og tal på tilsette	2019	2020	2021
Tilsette per 31.12	353	168	209
Avtalte årsverk per 31.12	350,5	166,8	209
Utførte årsverk ³	302,8	139,6	175,5
Planlagt ressursinnsats	338	155,5	189,4
Andel konsulentar ⁴	31%	29%	23%
Økonomi	2019	2020	2021
Samla tildeling over statsbudsjett (millionar kroner)	1 035,9	915,3	1 218,2
Utnyttingsgrad av samla tildeling	95 %	88 %	79 %
Utnyttingsgrad av tildeling kap. 701 post 21, kap. 744 post 01 og kap. 744 post 21	94 %	88 %	79 %
Lønnsandel av driftsutgifter	37,5 %	22,3 %	23,5 %

Volumtal for nasjonale løysingar⁵

Helsenorge	2016	2017	2018	2019	2020	2021
	Per 31.des	Per 31.des	Per 31.des	Per 31.des	Per 31.des	Per 31.des
Besøk på Helsenorge i løpet av året	12,7 mill.	18,7 mill.	25,6 mill.	37,2 mill.	72,9 mill.	140 mill.
Innloggingar på sjølvbeteningsløysingar	3,2 mill.	7 mill.	12 mill.	20,5 mill.	43 mill.	77,5 mill.
E-resept						
Totalt tal på rekvirerte e-reseptar årleg	24,1 mill.	25,8 mill.	26,6 mill.	28 mill.	28,4 mill.	29,7 mill.
Tal på rekvirentverksemder	2 000	2 132	2 176	2 108	2 392	2 471
Andel selde pakningar på e-resept	89,4 %	91,1 %	92 %	93,4 %	92,3 %	93,6 %
Kjernejournal						
Tal på forskjellig helsepersonell totalt som har gjort oppslag i kjernejournal	6 200	12 700	16 700	21 000	25 000	29 900
Tal på oppslag i kjernejournal per veke	2 900	8 200	14 000	20 200	25 900	38 000
Grunndata ⁹						
Totalt tal på oppslag	845 mill.	1 750 mill.	2 400 mill.	4 345 mill.	5 905 mill.	8 211 mill.
Trafikkauke frå året før	336 %	207 %	37 %	86 %	36 %	39 %
Helsedata.no						
Felles søknadsskjema ⁶				12	456	498
Helseregister på Helsedata.no					23	34

³ Tal på utførte årsverk: Frå 2019 er talet på utførte årsverk definert i samsvar med felles statleg definisjon i [PM-2019-13](#).

⁴ Andel konsulentar: Talet på årsverk for konsulentar er eit estimert gjennomsnitt gjennom året basert på timar. Ein har nytta 1700 timar per årsverk. Andel konsulentar er estimert tal konsulent-årsverk delt på totalt tal årsverk.

⁵ Direktoratet utgjer årleg ein rapport om trendar og utviklingstrekk som inneheld relevante nøkkeltal og statistikk over e-helseutviklinga. [E-helsetrender: Utviklingstrekk 2022](#) vart publisert 10. mars 2022.

⁶ Felles søknadsskjema vart innført i 2019. Oversikten viser talet på helseregister, kvalitetsregister og helseundersøkingar som har teke i bruk felles søknadsskjema.

3 Årets aktivitetar og resultat

I det følgjande blir det beskrive status på arbeidet med hovudmål, spesielle oppdrag og styringsparametrar gitt av Helse- og omsorgsdepartementet i tildelingsbrevet for 2021. Videre blir det gitt ein status for arbeidet med faste oppdrag som inngår i hovudinstruksen for Direktoratet for e-helse. Status blir vist ved bruk av fargekodar. Grøn status inneber at oppdraget er levert eller blir levert i samsvar med plan. Gul status inneber at oppdraget er levert eller blir levert med noko avvik i forhold til opphavleg plan. Raud status inneber at det er vesentlege avvik i leveranse eller at det er svært sannsynleg at oppdraget ikkje blir levert som planlagt.

Departementet har bedt om at det blir gjort særskilt greie for oppfølging av tiltaka omtalt i Tillegg til tildelingsbrev nr. 5 av 5. juli 2021. Rapporteringa på desse oppdraga følgjer strukturen i tildelingsbrevet.

Hovudmål 1: Samordna utvikling på e-helseområdet

Digitalisering av helse- og omsorgstenesta inneber store moglegheiter for ei enklare og meir samanhengande helseteneste på tvers av verksemder og omsorgsnivå. I Noreg er det mange aktørar som kvar for seg digitaliserer og omstiller tenesta for å levere helse- og omsorgstenester på nye måtar. Direktoratet spelar ei viktig rolle for å samle og samordne behova til sektoren, og skape ei felles og kunnskapsbasert forståing av utfordringsbildet, felles retning og strategi på digitaliseringsarbeidet.

Direktoratet for e-helse tek stadig nye steg i retning av ei tydelegare styresmaktsrolle for å i endå større grad mobilisere for auka gjennomføringsevne i sektoren, i tråd med framtidig teknologiutvikling og omstillingsbehov. Direktoratet arbeider med samordning på ulike måtar og gjennom ulike leveransar, blant anna gjennom nasjonal e-helsestrategi, nasjonal styringsmodell for e-helse, nasjonal porteføljestyling og vegkart for nasjonale e-hesløløysingar, nasjonal arkitekturstyring, forvaltning av retningslinjer og standardar, og dessutan utgreiingar av utfordringsområde og nye behov.

Kunnskapsgrunnlaget for tilrådingar om bruk av forskning, innovasjon og næringsutvikling er ein sentral rapport som vart levert i 2021.⁷ Denne er viktig og nødvendig for arbeidet med å sikre større grad av evidens i sentrale avgjerder, bidra til at fleire pilotar kan skalerast nasjonalt og betre samspel og føreseielegheit i den nasjonale e-helsemarknaden.

Ei anna viktig utgreiing som vart gjennomført i 2021, er korleis den nasjonale styringsmodellen for e-helse skal vidareutviklast for å vareta heilskapleg og i størst mogleg grad forpliktande e-helseutvikling.⁸ Det har vore ein god prosess og brei involvering av aktørane i sektor i samband med denne utgreiinga. Styringsmodellen er eit sentralt verktøy for forankring og felles retning som bidreg til styrkt gjennomføringsevne.

Den nye nasjonale e-helsestrategien skaper engasjement og set ei felles langsiktig retning for utviklinga på e-helseområdet. I dette arbeidet oppdaterer Direktoratet for e-helse kunnskapsgrunnlaget med nasjonale og internasjonale utviklingstrekk, og etablerer dessutan

⁷ Rapport: [Samarbeid med næringslivet på e-helseområdet. Anbefaling om bruk av forskning, innovasjon og næringsutvikling for å styrke gjennomføringskraften](#)

⁸ Høyring: [Nasjonal styringsmodell for e-helse](#)

scenariobeskrivingar for god beskriving av ønskt strategisk retning. Arbeidet med ny nasjonale e-helsestrategi vil bli slutført i 2022.

Rapportering på spesielle oppdrag

Spesielle oppdrag	Status
<i>Forvalte og vidareutvikle vegkartet som ein del av nasjonal porteføljestyling. Vegkartet skal synleggjere planane til helse- og omsorgssektoren for utvikling og innføring av dei nasjonale e-helseløysingane og gi oversikt over tiltak, milepælar og avhengnader. Vegkartet skal jamleg drøftast og vidareutviklast med sektoren i den nasjonale styringsmodellen for e-helse og bidra til prioritering av tiltak for å nå måla for samhandling.</i>	Grøn

Vegkart for nasjonale e-helseløysingar 2021-2026 er ein plan for utvikling av prioriterte tenester innan e-helse. Vegkartet synleggjer på eit overordna nivå avhengnader og rekkjefølgje mellom e-helsetiltak og gjer det lettare for aktørane i sektor å kunne forbetre og planleggje aktivitetane sine.

Vegkart for nasjonale e-helseløysingar er i versjon 21.1 oppdatert til å reflektere noverande planar og status på tvers av sektor.⁹ Versjonen er behandla og godkjent i nasjonal styringsmodell. Som ein del av prosessen med å prioritere framtidige tiltak i nasjonal styringsmodell, har aktørane også bekrefta at dei legg vegkartet til grunn for sine respektive planar. Vegkartet for nasjonale e-helseløysingar har også vore førande for definering og prioritering av omfang for Program digital samhandling. Vegkartet er eit verkemiddel som bidreg til koordinering og sterkare nasjonal styring av e-helseutviklinga samtidig som ein beheld autonomien til aktørane. Vegkartet er dermed med på å svare opp Riksrevisjonens tilråding om at Helse- og omsorgsdepartementet og Direktoratet for e-helse bør sørge for koordinering av IT-utviklinga, slik at heilskapen og samanhengen mellom journalløysingar blir vareteke i det vidare arbeidet.

Direktoratet for e-helse har starta arbeidet med versjon 22.1 av vegkartet i tråd med ein smidig tankegang om kontinuerleg forbetring og stegvise leveransar.

Spesielle oppdrag	Status
<i>Innan 15. oktober levere forslag om korleis den nasjonale styringsmodellen for e-helse kan vidareutviklast for å vareta heilskapleg og i størst mogleg grad forpliktande e-helseutvikling. Arbeidet skal baserast på evaluering av dagens styringsmodell og gjerast i tett samarbeid med, og forankrast hos, aktørane i sektoren.</i>	Grøn

Nasjonale styringsmodell for e-helse, slik han verkar i dag, vart etablert i 2016 for å styrkje IKT-utvikling og gjennomføringsevne i helse- og omsorgstenesta, og bidra til sterkare nasjonal styring. Styringsmodellen skal sikre felles prioriteringar og gi betre samhandling mellom dei ulike helseaktørane, og med innbyggjarar.

Arbeidet med vidareutvikling av styringsmodellen starta med ei evaluering av dagens modell. Det vart identifisert ei rekkje utfordringar og forbetningsområde som må løysast for at styringsmodellen skal bidra til auka gjennomføringskraft på e-helseområdet. Fleire av funna samanfall med funna i Riksrevisjonens undersøking av Helse- og omsorgsdepartementets styring av arbeidet med Ein

⁹ [Veikart for utvikling og innføring av nasjonale e-helseløysingar 2021-2026](#)

innbyggjar – éin journal. Her vart det påpeika at aktørane i sektoren ikkje vurderer den nasjonale styringsmodellen til å ha auka gjennomføringsevne utover å vere ein arena for orientering og dialog. Aktørane opplever å ha manglande innverknad på prioriteringar på nasjonalt nivå og at det er utfordrande å sjå samanhengene mellom dei ulike nasjonale tiltaka. I tillegg vart det peika på at det sjeldan blir gjennomført høyringar i sektoren, sjølv ikkje ved viktige vegval.

Trass i utfordringane, er sektoren einig om at styringsmodellen er ein svært viktig arena for å samkøyre, koordinere og få mange aktørar til å gå i same retning. I forslag til vidareutvikling av den nasjonale styringsmodellen har vi lagt vekt på at alle aktørar skal få auka innverknad på den nasjonale e-helseutviklinga. Eit sentralt grep for å auke innverknaden for aktørane er at investeringar som medfører auka drift- og forvaltningskostnader for dei nasjonale e-hesløyisingane både skal synleggjerast og behandlast i styringsmodellen. I forslaget til vidareutvikla styringsmodell blir det lagt vekt på at styringsmodellen skal vere eit verktøy for auka gjennomføringsevne gjennom drøfting av felles prioriteringar, oppfølging av felles planar (vegkart) og utfordringar for e-helsetiltak som er i gang. Modellen skal bidra til å sikre breitt forankra prosessar, og til at både departementet og direktoratet har ei tilstrekkeleg god oversikt over behova og prioriteringane i sektoren.

Direktoratet leverte 15. oktober 2021 ein rapport til Helse- og omsorgsdepartementet som oppsummerer evalueringa av dagens modell og foreslår korleis den nasjonale styringsmodellen kan vidareutviklast for å vareta heilskapleg og i størst mogleg grad forpliktande e-helseutvikling. I januar 2022 vart denne rapporten send på offentleg høyring¹⁰. Etter gjennomført høyring vil reviderte mandat for utvala i styringsmodellen bli behandla i Nasjonalt e-helsestyre.

Spesielle oppdrag	Status
<i>Innan 1. oktober levere ei tilråding om bruk av forskning, innovasjon og næringsutvikling for å styrkje gjennomføringskrafta på e-helseområdet, under dette forslag til prinsipp for bruk av marknaden. Relevante aktørar i forskningssystemet, helse- og omsorgstenesta og privat næringsliv skal involverast i arbeidet. Direktoratet skal rapportere om status innan 1. juni.</i>	Grøn

I 2021 arbeidde direktoratet med ei tilråding for korleis forskning, innovasjon og næringsutvikling kan bidra til å auke gjennomføringskrafta på e-hesliefeltet. Eit kunnskapsgrunnlag for samarbeid med næringslivet på e-helseområdet og tilrådingane frå direktoratet vart levert til Helse- og omsorgsdepartementet 22. oktober 2021. I arbeidet har direktoratet lagt til grunn eit forskingsbasert kunnskapsgrunnlag som er godt validert teoretisk og empirisk.

Som ein del av arbeidet gjennomførte direktoratet samtalar med informantar frå 88 verksemder i perioden mars til august 2021. Dette fordelte seg på 45 verksemder i næringslivet, 24 verksemder i helse- og omsorgssektoren og åtte verksemder i forskningssystemet, og dessutan ni interesseorganisasjonar og to uavhengige nøkkelinformantar. Direktoratet gav også eit oppdrag til Menon for gjennomføring av ei marknadsundersøking av e-helseområdet.

Hovudkonklusjonen frå dette arbeidet er at det er nødvendig å arbeide vidare med å styrkje gjennomføringskrafta på e-hesliefeltet. Særleg er det nødvendig å stimulere etterspurnaden etter e-hesløyisingar og fremme næringsutvikling på e-hesliefeltet. Vidare må spelereglane på e-hesliefeltet forbetrast for mellom anna å skape meir føreseielegheit. Dette vil bidra til auka tillit og lågare friksjon mellom aktørane på e-hesliefeltet. Det vil bidra til at fleire aktørar kan ta i bruk

¹⁰ [Høyring: Nasjonal styringsmodell for e-helse](#)

teknologi og e-helseløsningar effektivt i arbeidet med å forbetre helse- og omsorgstenesta. Dette er også eit steg på vegen for å tydeleggjere ansvaret mellom privat og offentleg sektor.

Som oppfølging av Riksrevisjonens tilråding om å involvere forskings- og fagmiljø i større grad, og dessutan vidareutvikle og avklare rollefordelinga mellom aktørane, har direktoratet levert eit kunnskapsgrunnlag, «Samarbeid med næringslivet på e-helseområdet», som eit startpunkt for vidare arbeid med aktørane i helse- og omsorgssektoren, aktørane i forskingssystemet og næringslivsaktørane. Gjennomføringskrafta på e-helseområdet er tett kopla til evna helse- og omsorgstenesta har til å samarbeide med og dra nytte av innovasjonskrafta, kompetansen og ressursane som finst i næringslivet. Direktoratet vil bruke dette kunnskapsgrunnlaget til å vidareutvikle og styrkje eigen fagrolle, og dessutan jobbe med korleis dette kan bidra til å vidareutvikle rolla som pådrivar og premissgivar for sektoren. Som del av dette arbeidet vil direktoratet mellom anna gjennomføre ei høyring av prinsippa for bruk av marknaden på e-helseområdet. Direktoratet vil også vurdere å styrkje eksisterande eller etablere nye arenaer for å vidareutvikle samarbeidet med helsenæringa, forskning og akademia.

Spesielle oppdrag	Status
<i>Saman med Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet delta i det europeiske samarbeidsprosjektet (Joint Action) "Towards the European Health Data Space – TEHDaS" som omhandlar utvikling av eit europeisk fellesområde for helsedata.</i>	Grøn

Direktoratet for e-helse har delteke i det europeiske samarbeidsprosjektet «Towards the European Health Data Space – TEHDAS» saman med Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet. TEHDAS er eit to-årig samarbeidsprosjekt som samlar ekspertar frå alle medlemsland og EØS-land. Formålet er å utarbeide konseptforslag for det europeiske fellesområdet for helsedata, EHDS (European Health Data Space), som underlag for direktivforslaget som Europakommisjonen skal leggje fram i første kvartal 2022. Gjennom ulike arbeidspakker fokuserer prosjektet på teknisk og semantisk standardisering, regulering, datakvalitet og interoperabilitet, arkitektur og infrastruktur, innbyggjarinvolvering, og overordna styrings- og forvaltningsmodell. Direktoratet for e-helse har vore bidragsytarar i arbeidsmøte og publiserte rapportar frå arbeidspakkene¹¹.

Spesielle oppdrag	Status
<i>Hjelp Helsedirektoratet i arbeidet med digitale tenester til barn og unge, under dette auka digital tilgjengelegheit til helsestasjons- og skulehelseteneste og Digi-Ung programmet.</i>	Grøn

Direktoratet for e-helse er representert i programstyret til DigiUng, og bidreg i saker og oppgåver som blir tildelte i programstyret. DigiUng skal levere lett tilgjengeleg og kvalitetssikra informasjon, rettleiing og tenester til ungdom, gjennom eit heilskapleg tverrsektorielt digitalt tilbod som bidreg til meistring og sjølvhjelp. Det har blant anna vore jobba med forslag til finansierings- og forvaltningsmodell, i tillegg til forbetringar i fleire av prosjekta til programmet. Programmet har utvikla tenester i helsestasjon og tenester til helsestasjon for ungdom er under utvikling. Direktoratet er representert i styringsgruppa for DigiHelsestasjon/ungdomsløysinga for å følgje utviklinga.

¹¹ Publiserte rapportar kan lastast ned her: <https://tehda.eu/>.

Direktoratet er også representert i ei arbeidsgruppe oppretta av programmet for å utarbeide strategi for å handtere Schrems II. Mandatet til arbeidsgruppa inkluderer også å lage ein strategi/plan for personvern og informasjonssikkerheit meir generelt. Det er fleire utfordringar på dette området, for eksempel å sikre overgang mellom nivå i utviklingsmodellen og ulike tenester, samtykke, journalføring, innlogging, med meir.

Spesielle oppdrag	Status
<i>Delta i Helsedirektoratets arbeid med Livshendinga alvorleg sjukt barn, jf. Digitaliseringsstrategien til regjeringa (2019 - 2025).</i>	Grøn

Livshendinga alvorleg sjukt barn skal utforske og jobbe fram løysingar slik at barn og unge med samansette behov og deira føresette skal oppleve eit saumlaust, persontilpassa og føreseieleg tilbod. Sektorar skal jobbe saman for å utvikle tenester som blir opplevde som samanhengande for brukarane. Direktoratet for e-helse har hjelpt Helsedirektoratet i arbeidet med Livshendinga alvorleg sjukt barn gjennom felles aktivitetar med alle samarbeidsaktørar. Direktoratet for e-helse har vore aktive bidragsytarar i StimuLab-prosjektet som starta i 2021. Innsiktsarbeid, intervju, møte med ungdoms-, foreldre- og tenestepanel har saman med bruk av innovativ metode (trippel diamant) gitt oss ei brei og omforeint innsikt i behova og utfordringane til brukarane. Brukarmedverknad, samhandling og rolla til statsforvaltarane har vore prioriterte problemområde å utforske i denne fasen og har resultert i fleire konkrete tiltak- og prosjektforslag.

Prosjektet har utført nullpunktsmålingar; éin blant foreldre og føresette til barn og unge med samansette behov og éin blant ungdommar med samansette behov. Resultatet av denne undersøkinga viser blant anna at både ungdom og foreldre rapporterer om ein betydeleg lågare livskvalitet enn befolkninga elles.

Prosjektet har utforska Missions-tilnærming i prosessen. Missions er ei tverrsektoriell tilnærming som EU har introdusert i det niande rammeprogrammet sitt for forskning og innovasjon (Horisont Europa). Prosjektet tilrår å etablere tiårig innovasjonsportefølje (2022-2032) og ein stabil struktur for ein større langsiktig og tverrsektoriell innsats. Finansiering av tiltak bør sjåast på i eit heilskapsperspektiv med etablering av formålstenlege finansieringsmodellar som blant anna tek høgde for at gevinstar blir realiserte ein annan stad enn der innsatsen blir finansiert.

Det vart levert ein sluttrapport og ei tilråding om vidare tiltak til Helse- og omsorgsdepartementet januar 2022.

Spesielle oppdrag	Status
<i>Direktoratet for e-helse skal delta i arbeidet med nasjonal tilrettelegging for bruk av kunstig intelligens i pasientbehandling. Arbeidet blir leidd av Helsedirektoratet, jf. oppdrag i tildelingsbrevet til Helsedirektoratet for 2021.</i>	Grøn

Ei berekraftig helseteneste føreset at vi utnyttar moglegheitene teknologien gir. *Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020-2023*¹² forventar at bruk av kunstig intelligens (KI) saman med store mengder helsedata kan bidra til betre helse- og omsorgstenester, gi betre grunnlag for forskning og innovasjon og bidra til meir effektiv ressursbruk. Det nasjonale koordineringsprosjektet «Betre bruk av kunstig intelligens» starta opp som ein del av arbeidet med å nå måla i nasjonal helse- og sjukehusplan for

¹² [Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020-2023](#)

2020-2023. Det er eit samarbeidsprosjekt leidd av Helsedirektoratet og med deltaking frå Direktoratet for e-helse, Statens legemiddelverk, Helsetilsynet, Kommunes organisasjon og dei regionale helseføretaka. Samarbeidsprosjektet har etablert «Felles plan» med prioriterte delprosjekt.

Direktoratet for e-helse er ansvarleg for delprosjektet «KI – data og algoritmar». Delprosjektet har i 2021 utarbeidd ein innsiktsrapport som oppsummerer førebelse behov for tilgang til data for forskning, utvikling og for å ta i bruk KI-løysingar i helsetenesta¹³. Behova er samla inn i dialog med utvalde informantar som jobbar med forskning, utvikling, implementering og kommersialisering knytte til KI i helseføretaka, academia, dei regionale helseføretaka og næringslivet. Rapporten skal brukast til å vurdere tiltak for å løyse behovet i helsesektoren for tilgang til data, slik at KI kan bidra til betre helse- og omsorgstenester. Dette arbeidet blir gjennomført i 2022.

Direktoratet for e-helse har også bidrege i delprosjekta som Helsedirektoratet er ansvarleg for:

- Korleis sikre eit godt koordinert arbeid innanfor KI-området
- Tilrettelegging for bruk av kunstig intelligens i helsetenesta, med utgangspunkt i det radiologiske fagområdet
- KI i kommunal helse- og omsorgsteneste
- Helseopplysningar i skya
- Rettleiing av KI-prosjekt
- Tverretatleg informasjonsside
- Rettleiar og flytdiagram

Spesielle oppdrag	Status
<i>Bidra til koordinert og samordna utvikling og innføring av digitale løysingar for utprøvande behandling og kliniske studiar i dialog med spesialisthelsetenesta, jf. også utgreiinga som er i gang, av samtykkeløysing for utprøvande behandling via helsenorge.no.</i>	Grøn

På oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet har Direktoratet for e-helse i samarbeid med Norsk helsenett SF, greidd ut korleis innbyggjarar kan nytte samtykkeløysinga på [Helsenorge](#) for å gi samtykke til utprøvande behandling/kliniske behandlingsstudiar. Direktoratet for e-helse leverte eit notat med beskriving av eksisterande løysing og tilrådde tiltak for vidare arbeid til Helse- og omsorgsdepartementet 7. mai 2021. I utgreiinga er det kartlagt kva behov ulike aktørar har for interaksjon med innbyggjar i samtykkeprosessen, for deretter å vurdere i kva grad eksisterande løysing på Helsenorge dekkjer desse behova.

Direktoratet for e-helse meiner løysinga på Helsenorge vil gi gevinstar for både innbyggjar og helseaktør. For innbyggjar vil løysinga gjere det enklare å få oversikt, få og svare på samtykkeførespurnader og administrere dei samtykka og reservasjonane dei har gitt til aktørar i helsesektoren.

For helseaktørar blir det enklare å nå ut til innbyggjarar med ein digital prosess. Det fører til raskare saksgang, mindre papir og brev i posten, og dessutan ein meir personvernvennleg samtykkeprosess og betre versjonsstyring.

¹³ Rapport: [Behov for data til kunstig intelligens i helsetenesta](#)

Det er bestemt at Helsenorge skal vere hovudinngang for innbyggjarane til offentlege helse- og omsorgstenester på nett. Vi tilrår derfor at samtykkeløysinga på Helsenorge blir nytta til innhenting av elektroniske samtykke, slik at innbyggjar får oversikt over informasjonsskriv og gitte samtykke på éin plass. Ved å kople løysingar på sidene til helseaktørane mot Helsenorge, vil ein få ei heilskapleg løysing som dekkjer heile verdikjeda.

Direktoratet for e-helse sende eit notat til Helse- og omsorgsdepartementet 23. november 2021 med forslag til plan for vegen vidare. I notatet blir fleire tiltak foreslått av Direktoratet for e-helse i samarbeid med fagressursar frå dei regionale helseføretaka. Det bør blant anna gjerast ei kartleggjing av brukarbehov og av eksisterande forskingsadministrative system som kan vere aktuelle å kople mot Helsenorge. I tillegg må det kartleggjast eventuelle gap slik at ein får god innsikt i kva som må til for at eksisterande system kan brukast til å sende ut samtykkeførespurnader via Helsenorge. Det er også nødvendig å gjere ei vurdering av kva som må til for å løyse behova til brukarar/verksemder som ikkje har tilgang til ei administrasjonsløysing i dag.

Hovudmål 2: Tydelege rammevilkår for arkitektur, sikkerheit og samhandling

Arkitektur, sikkerheit, standardar, kodeverk og terminologi er vesentlege byggjeklossar for å fremje ei meir einskapleg retning for digitalisering i helse- og omsorgssektoren. Felles normer og retningslinjer innan desse områda peikar retning for alle aktørar rundt dei val og prioriteringar dei bør gjere, og kva krav og retningslinjer dei bør og må følgje for å kunne bidra til ein funksjonell heilskap. Tydelege rammevilkår med krav og prinsipp for digitalisering vil bidra til raskare og meir heilskapleg utvikling, og stimulere til innovasjon og næringsutvikling.

I 2021 har direktoratet jobba aktivt med å tydeleggjere rammevilkåra gjennom å etablere første versjon av felles språk. Det er arbeid med ein strategi for digital sikkerheit, etablert fleire nye rettleiarar og auka normeringsgrada på sju nye tekniske standardar. Høyringsinstituttet blir brukt aktivt i arbeidet med normerande produkt.

Samhandlingsområdet er eit stort felt, der direktoratet har fokus på den digitale samhandlinga og dei mange aspekta innan juridisk, organisatorisk, semantisk og teknisk samhandlingsevne. Denne heilskapstankegangen er nødvendig for å kunne utøve ei god rettleiing og styring overfor aktørane i helse- og omsorgssektoren. Dei byggjeklossane som er nemnde tidlegare kan samanfattast i omgrepet «grunnmur», og er sjølve underlaget for effektiv samhandling.

Direktoratet har to store program som bidreg til å auke samhandlingsevna; Program digital samhandling og Program kodeverk og terminologi.

Program digital samhandling skal realisere nødvendige informasjonstenester stegvis for å auke samhandlinga basert på dei definerte behova til sektoren, og dessutan identifisere og leggje til rette for nye som må utviklast. I det første steget blir ei nasjonal teneste for prøvesvar realisert, og dessutan løysingar for tillitstenester og tilhøyrande infrastruktur. Parallelt er det utarbeidd ein felles plan for steg 2 for å utvikle og ta i bruk dei informasjonstenestene som gir størst samla nytteverdi for sektoren. Sektoren har samla seg om hovudlinjene og prioriteringa i denne planen. Utvikling og kontinuerleg forbetring av ei felles samhandlingsplattform er nødvendig for at utveksling av data mellom system og aktørar kan skje på ein effektiv og sikker måte. Programmet blir gjennomført i tett samarbeid mellom Direktoratet for e-helse og Norsk Helsenett SF.

Program kodeverk og terminologi er halvvegs i tidsløpet sitt, og går over i ein ny fase. Første del, som var å etablere ei norsk utgåve av felles språk gjennom eit tett samarbeid med Helseplattforma,

vart levert i 2021. Andre del handlar om å etablere Felles språk versjon 2 og planleggje vidare utbreiing til andre aktørar. Kodeverk er ein etablert struktur som er tett integrert i både tekniske løysingar så vel som arbeidsprosessar og utveksling av informasjon. Det er ei utfordrande oppgåve å endre dette, men det er nødvendig for å auke den semantiske samhandlingsevna. Alle aktørar har behov for at informasjon registrert ein stad kan gjenbrukas utan endring eller tolking heile vegen gjennom ulike forløp. Dei internasjonale forplikingane våre relatert til forskning og utvikling krev også slik tilpassing.

Det vidare arbeidet med felles språk la til grunn nasjonale initiativ i regi av Felles kommunal journal og Felles plan for strukturert journal. Vidareføringa av Felles kommunal journal vil ta tid og Felles plan har avgrensa med nasjonale initiativ. Det er derfor ei utfordring å realisere heile gevinstbildet for Program kodeverk og terminologi i programperioden som varer ut 2023.

Direktoratet har styrkt innsatsen sin innan arkitekturstyring gjennom møteplassar som arkitekturråd, interregionalt arkitekturforum og utvikling av målarkitektur, rettleiingar og retningslinjer. Ein vesentleg innsats har vore arbeidet med Program digital samhandling, der struktur og vegval innan prøvesvar og tillitstenester har vore viktige bidrag. I arbeidet med planlegging av steg 2 av Program digital samhandling har arbeidet med vegkartet for nasjonale e-helseløysingar vore eit viktig grunnlag. Dialog, rettleiing og publisering av retningslinjer er viktige leveransar frå arkitektur.

Direktoratet er aktive på den internasjonale arenaen og legg til rette for at nasjonale aktørar kan engasjere seg og bidra inn i internasjonale aktivitetar innanfor ISO og EU. Standardiseringsutvalet er ein møteplass for dialog og prioritering av kva internasjonale standardar aktørane i sektoren skal engasjere seg innanfor.

Ein viktig faktor for vellykka samhandling er utviklinga av juridiske rammevilkår som er tilpassa nye tekniske moglegheiter og tenesteutvikling. Prøvesvar, sentral lagring og dokumentdeling er eksempel på dette frå 2021. Relevant og nødvendig informasjon skal følgje pasienten gjennom ei rekkje behandlingsledd, og det kan vere behov for deling også utanfor helsesektoren. Informasjonssikkerheit og personvern må takast omsyn til i alle desse situasjonane.

Norm for informasjonssikkerheit og personvern i helse- og omsorgssektoren (Normen) er det felles kravet, verktøyet og arenaen til sektoren når det gjeld informasjonssikkerheit og personvern. Direktoratet har sekretariatet og er ein pådrivar for vidareutvikling av Normen, rettleiingsmateriell og nye verktøy. I 2021 vart det oppdatert og utvikla mykje nytt rettleiingsmateriell og halde 37 webinar og kursdagar i regi av Normen.

Rapportering på spesielle oppdrag og styringsparametrar

Styringsparameter/resultatmål	Status
<i>Kva system og aktørar som har tatt i bruk standardisert språk og tal på termar og kodar som er omsette til norsk.</i>	Grøn

Det er ei rekkje system og aktørar som har teke i bruk delar av standardisert språk. I 2021 er det omsett, validert og publisert 49 448 omgrep og 103 344 termar. Omsetjinga dekkjer behova for standardisert språk som Helseplattforma har for å starte opp. Bruk av standardisert språk ser ein også i form av initiativ i sektor. Utprøving på registerfeltet har ei positiv utvikling ved å ta i bruk standardisert språk i heile verdikjeda. Det inneber at standardisert språk flyt som dokumentasjon frå journalsystem til analyse i register.

Følgjande system og aktørar har teke i bruk standardisert språk:

- Helse Midt Noreg RHF / Helseplattforma
- Norsk helsenett SF/Helsenorge og kjernejournal
- Legemiddelhandboka
- Felleskatalogen
- Helsedirektoratet/Antibiotikarettleiar
- Folkehelseinstituttet
- Kreftregisteret
- Statens legemiddelverk/SAFEST
- DIPS Arena

Styringsparameter/resultatmål	Status
<i>Registervariablar i helse- og kvalitetsregister frå Folkehelseinstituttet og Kreftregisteret som er kopla mot Snomed CT.</i>	Grøn

I 2021 har Program Kodeverk og terminologi samarbeidd med Kreftregisteret og Folkehelseinstituttet for å kople SNOMED CT til registervariablar. Arbeidet er gjort for fem område under Kreftregisteret: Nasjonalt kvalitetsregister for lungekreft, Nasjonalt kvalitetsregister for melanom, koloskopijournal (inngår i Tarmscreeningsprogrammet) og er påbegynt for Nasjonalt register for tjukk- og endetarmskreft.). Tilsvarande arbeid er gjort for tre område under Folkehelseinstituttet: Medisinsk fødselsregister, Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret) og Meldingssystem for smittsame sjukdommar (MSIS).

Styringsparameter/resultatmål	Status
<i>Standardisert språk er teke i bruk i kjernejournal og på helsenorge.no.</i>	Gul

Standardisert språk er teke i bruk på helsenorge.no. For kjernejournal har 98 % av kodeverk for kritisk info vorte kopla til standardisert språk, men har så langt ikkje vorte teke i bruk. Attståande arbeid blir gjort i samarbeid mellom Direktoratet for e-helse og Norsk helsenett SF.

Styringsparameter/resultatmål	Status
<i>Andel verksemder som har søkt om unntak frå krava som følgjer av forskrift om standardar og nasjonale e-hesløyisingar.</i>	Grøn

Forskrift om standardar og nasjonale e-hesløyisingar skal fremje sikker og effektiv samhandling ved bruk av IKT. Forskrifta set blant anna krav til bruk av elektronisk pasientjournal og bestemte standardar. Verksemder som ikkje klarer å følgje krava, kan søkje om tidsavgrensa unntak. I 2021 fekk direktoratet 19 søknader om unntak frå krava i forskrifta. Helse Vest IKT søkte og fekk unntak ut 2022 for mottak av svarrapportar for medisinske undersøkingar. Helseføretaka sender svarrapportar, dei får ikkje rapportar. Unntak for mottak av svarrapportar har derfor i praksis ingen konsekvensar.

Dei fleste andre søknadene kom frå helsepersonell som har enkeltpersonsføretak, og som søker om unntak for bruk av elektronisk pasientjournal. Slike søknader kjem i hovudsak frå psykologar.

Søknadene er grunngitte med at verksemda har få pasientar, er tidsavgrensa eller at den skal avsluttast i nær framtid.

Spesielle oppdrag	Status
<i>Vidareføre arbeidet med standardisert språk og samarbeide med Helse Midt-Noreg RHF om innføring av første versjon i Helseplattforma, i samarbeid med dei regionale helseføretaka utarbeide tentative planar for bruk av standardisert språk i spesialisthelsetenenesta, og leggje til rette for bruk i felles kommunal journalløysing (Akson).</i>	Grøn

Standardisert språk er byggjeklossar som gjer at helseopplysningar følgjer pasienten i digitale løysingar. Bruk av standardisert språk opnar for gjenbruk av helseopplysningar, automatisering og auka analysemoglegheiter.

Samarbeidet mellom Direktoratet for e-helse og Helse Midt-Noreg RHF om standardisert språk har gått føre seg gjennom 2021. Første versjon av standardisert språk dekkjer sentrale område i pasientjournalen, for eksempel diagnoseinformasjon, legemiddelinformasjon og pasientplanar. Dette er ein viktig del av løysinga når Helseplattforma går i produksjon våren 2022. Dei regionale helseføretaka har ei målsetjing (slik ho kjem fram i Felles plan for strukturert journal i EPJ) om å ta i bruk standardisert språk på følgjande område:

1. Verkestoffordinering i kurveløysingane
2. Pasient- og Digitale behandlingsplanar
3. Strukturert journal til kvalitetsregister

Ein føresetnad for arbeidet rundt planar og kvalitetsregister (punkt 2 og 3 over) er bruk av strukturert pasientjournal. I helseregionane utanfor Helse Midt-Noreg RHF er dette avhengig av DIPS Arena og bruk av strukturert journal.

Kommunal- og fastlegedel av første versjon av standardisert språk legg eit godt grunnlag for Felles kommunal journal for kommunale tenester og fastlegane.

Spesielle oppdrag	Status
<i>Bidra i arbeidet til dei regionale helseføretaka med å følgje opp Riksrevisjonens rapport om førebygging i helseføretaka av angrep mot IKT-system. Arbeidet skal gjerast i samarbeid med dei regionale helseføretaka og Norsk Helsenett SF, blant anna gjennom deltaking i samarbeidsforum som blir leidd av dei regionale helseføretaka.</i>	Grøn

I undersøkinga har Riksrevisjonen blant anna simulert dataangrep mot sjukehus og testa evna helseregionen hadde til å oppdage angrep gjennom sikkerheitsovervaking. Rapporten vart offentleggjort 15. desember 2020. Direktoratet bidreg med å følgje opp Riksrevisjonens rapport bl.a. gjennom arbeidet med strategi for digital sikkerheit, der også handlingsplanane til regionane for oppfølging av Riksrevisjonens rapport inngår i grunnlagsmaterialet. Delar av Normens rettleiingsmateriale omhandlar tematikk som Riksrevisjonens rapport adresserer og rapporten blir teken omsyn til ved vidareutvikling av dette, blant anna på område som internkontroll og risikostyring. Vidare deltek direktoratet aktivt i Interregionalt samarbeidsforum for

informasjonssikkerheit saman med dei regionale helseføretaka og Norsk helsenett SF. Forumet blir arrangert fire gonger per år. Dette er ein viktig arena for felles læring og erfaringsutveksling.

Spesielle oppdrag	Status
<i>Utarbeide strategi for digital sikkerheit i helse- og omsorgssektoren i tråd med tilråding i rapport av 15. oktober 2020. Strategien skal vere handlingsretta og tilpassast sikkerheitsbehovet til sektoren. Strategien skal tydeleggjere roller og ansvar, og identifisere relevante strategiske verkemiddel og tiltak for å løfte arbeidet med digital sikkerheit i sektoren. Arbeidet skal gjerast i samarbeid med Helsedirektoratet, Helsetilsynet, Norsk Helsenett SF, dei regionale helseføretaka og kommunesektoren/KS. Som delleveranse skal det innan 1. juni utarbeidast ein tiltaksoversikt for helse- og omsorgssektoren med grunnlag i den nasjonale strategien for digital sikkerheit.</i>	Grøn

Det er etablert eit prosjekt for utarbeiding av strategien der Helsedirektoratet, Helsetilsynet, Norsk helsenett SF, dei regionale helseføretaka ved Helse Sør-Aust RHF og KS deltek saman med Direktoratet for e-helse.

Delleveransen Tiltaksoversikt, som viser oppfølginga til helse- og omsorgssektoren av Nasjonal strategi for digital sikkerheit, vart levert i juni 2021. Tiltaksoversikta vil komme i oppdatert versjon saman med strategi for digital sikkerheit for helse- og omsorgssektoren. Ved behandling av den første versjonen av Tiltaksoversikta i Nasjonalt e-helsestyre vart det uttrykt ønske om ein brei høyringsrunde for strategien. Direktoratet er oppteke av å sikre aktørane i helsesektoren involvering og innverknad i arbeidet. God forankring er viktig for at strategien skal bli ein omforeint strategi som sektoren støttar opp om. Det blir derfor lagt opp til ei brei sektorhøyring av dokumenta.

Strategi for digital sikkerheit i helse- og omsorgssektoren vil byggje vidare på den nasjonale strategien og i tillegg omhandle sektorspesifikke tema, og dessutan strategiske område og tiltak som skal bidra til å heve den digitale sikkerheita i sektoren i løpet av strategiperioden.

Helse- og omsorgsdepartementet har gitt direktoratet utsett leveransefrist. Høyringsperioden er planlagt i april – juli 2022, og leveranse av strategien til departementet blir 30. september 2022.

Spesielle oppdrag	Status
<i>Innan 1. april utarbeide målbilde og plan for internasjonale standardar for perioden 2021- 2024. Planen skal utarbeidast i samarbeid med aktørane i helse- og omsorgssektoren og beskrive tiltak og tilrådingar om bruk av internasjonale standardar på prioriterte område, inkludert tiltak for å fremje innovasjon og næringsutvikling.</i>	Grøn

Direktoratet for e-helse har utarbeidd og overlevert «Plan for internasjonale standarder 2021-2024¹⁴» til Helse- og omsorgsdepartementet.

Internasjonale standardar er standardar som er utarbeidde av internasjonale standardiseringsorganisasjonar med konsensusbaserte prosessar, der alle land som ønskjer kan delta. Planen beskriv tiltak og tilrådingar om bruk av internasjonale standardar på prioriterte område, inkludert

¹⁴ [Plan for internasjonale standarder 2021 – 2024](#)

tiltak for å fremje innovasjon og næringsutvikling. Dokumentet beskriv også føresetnader for gjennomføring, i form av behov for avklaringar av roller, ansvar og prosessar i arbeidet med å tilpasse og forvalte internasjonale standardar i helse- og omsorgssektoren.

Planen er godt forankra og motteken av sektor, gjennom blant anna Standardiseringsutvalet, NUFA og NUIT. Dei regionale helseføretaka og Helsedirektoratet har vore pådrivarar for i større grad å bruke internasjonale standardar, og planen omhandlar tiltak dei og aktørar i sektoren har spelt inn.

Planen synleggjer koplinga mellom nasjonal portefølje og tiltak innanfor standardisering. Planen tek innover seg standardisering i endring med ei meir smidig tilnærming innan konkrete funksjonelle område som strukturert legemiddelinformasjon, kritisk info og digital heimeoppfølging. Planen inneheld også tiltak i det vidare arbeidet med å definere roller og ansvar i standardiseringsprosessane mellom leverandørar, verksemdar, standardiseringsorganisasjonane og styresmaktene.

Planen skaper føreseielegheit for aktørar i sektor og styresmakter om kva tiltak som skal gjennomførast for å tilpasse og ta i bruk internasjonale standardar, og vil vere basis for årlege verksemdsplanar for standardisering.

Spesielle oppdrag	Status
<p><i>Innan 15. mai 2021 utarbeide ein overordna plan for arbeidet med arkitektur og infrastruktur for digital heimeoppfølging og tilrå kva digitaliseringstiltak som bør gjennomførast på nasjonalt nivå for å nå måla. Tilrådinga skal ta utgangspunkt i behovet i helse- og omsorgssektoren for deling av informasjon mellom medisinsk utstyr og journal- og fagsystem, og inkludere ei vurdering av om velferdsteknologisk knutepunkt kan vere ei nasjonal løysing for heile helse- og omsorgstenesta. Tilrådinga skal inkludere forslag til korleis ansvaret for utvikling og drift er tenkt delt mellom kommunane, helseregionane og staten, og ei overordna vurdering av budsjettkonsekvensar og juridiske konsekvensar.</i></p>	<p>Grøn</p>

I mai vart det levert ein overordna plan til Helse- og omsorgsdepartementet med fem tilrådde digitaliseringstiltak som bør gjennomførast på eit nasjonalt nivå for å leggje til rette for informasjonsdeling mellom medisinsk utstyr brukt i digital heimeoppfølging og journal- og fagsystem. Arbeidet vart gjennomført i samarbeid med representantar frå regionale og lokale helseføretak, KS og kommunar.

Eit av tiltaka som vart tilrådd, er å utarbeide ein overordna målarkitektur saman med sektor. Formålet med tiltaket er å tydeleggjere kva samhandlingskapabilitetar som bør tilbydast gjennom nasjonale samhandlingstenester.

Det vart foreslått at arbeid med FHIR profilering i sektor blir koordinert for å sikre gjenbruk mellom aktivitetar i sektor, og produsere innspel til vidareutvikling av normerande produkt som for eksempel rettleiar for HL7 FHIR for velferdsteknologi og digital heimeoppfølging.

Eit anna tiltak var aktiv utprøving av datadeling i digitale heimeoppfølgingsaktivitetar som er i gang i sektoren. Formålet er å utnytte initiativ i sektoren til å oppnå ei behovsdriven, trinnvis utvikling av normerande produkt og nasjonale samhandlingstenester for datadeling.

Det blir tilrådd at velferdsteknologisk knutepunkt blir vidareutvikla til å inngå i ein samla portefølje av nasjonale samhandlingstenester. Slik kan vi byggje vidare på den kunnskapen og metodikken som har vorte nytta dei siste fire åra til innføring av velferdsteknologisk knutepunkt som ei samhandlingsteneste for velferdsteknologi i kommunar.

Eigarskapet til velferdsteknologisk knutepunkt er tilrådd overført til Norsk helsenett SF slik at vidare utvikling, drift og forvaltning kan foregå som ein del av arbeidet med andre nasjonale samhandlingstenester.

Det blir foreslått at råd og rettleiing til sektor og næringsliv knytt til digital heimeoppfølging blir systematisert. Det vil gjere det enklare for aktørar i sektoren og leverandørar å finne nyttig informasjon om digital heimeoppfølging.

Spesielle oppdrag	Status
<p><i>Innan 15. oktober 2021 utarbeide ein heilskapleg plan for realisering av ansvaret til staten knytt til arkitektur og infrastruktur for digital heimeoppfølging, inkludert anslag på budsjettkonsekvensar og juridiske konsekvensar. Leveransen skal sjåast i samheng med arbeidet til direktoratet med forprosjekt for heilskapleg samhandling og det samla arbeidet med å leggje til rette for å flytte tenester heim, leidd av Helsedirektoratet, jf. oppdrag til Helsedirektoratet.</i></p>	<p>Grøn</p>

Dette oppdraget er levert som ein del av gjennomføringsplanen til Nasjonalt velferdsteknologi-program for perioden 2022-2024. Tilrettelegging for digital samhandling i pasientforløp der digital heimeoppfølging blir nytta støttar arbeidet mot mål definert i Nasjonalt velferdsteknologi-program. Det blir vektlagt at arbeid med tilrettelegging er behovsdrive og følgjer utviklingstakten i sektor. Derfor er arbeidet med utprøving og normering spesielt knytt til tiltaket i programmet som omfattar spreining av digital heimeoppfølging til personar med kroniske sjukdommar. Program digital samhandling har datadeling for digital heimeoppfølging som eit av dei prioriterte områda i det vidare arbeidet. Norsk helsenett SF har ein strategi for Samhandlingsplattforma som gradvis vil vareta behova som velferdsteknologisk knutepunkt dekkjer i dag. Vidare arbeid vil skje i tett samarbeid, eller som ein del av, desse aktivitetane.

Hovudmål 3: Betre journal- og samhandlingsløysingar

Det har i 2021 vore høg aktivitet i Direktoratet for e-helse og sektoren elles knytt til målet om betre og meir moderne journal- og samhandlingsløysingar. Dette har blant anna bakgrunn i det betydelege løftet frå regjeringa som finansierer tiltaka Felles kommunal journal og Program digital samhandling. Uttesting av dokumentdeling i Helse Sør-Aust RHF og Helse Nord RHF, og uttesting av Pasientens legemiddelliste i Helse Vest har vore viktige milepælar i 2021. Helseplattforma i Midt-Noreg har gjort eit omfattande arbeid på legemiddelområdet, og vil ved produksjonssetting vere integrert med e-reseptkjeda gjennom den nye nasjonale løysinga Sentral forskrivningsmodul. Det er forventa at steg 2 i Program digital samhandling vil bidra til ytterlegare innføringsaktivitetar slik at endringane som er beskrivne i vegkartet for nasjonale e-helseløysingar kan bli realiserte.

Arbeidet med journal- og samhandlingsløysingar er komplekst og har høg risiko. Tiltaka for å betre journal- og samhandlingsløysingar er store og tunge kvar for seg. Sjølv om fleire tiltak no går mot ei meir stegvis realisering, så er det avgjerande for vegen vidare å ha god føreseielegheit på kva som skjer nasjonalt, kva moglegheiter det gir for aktørane og kva som trengst for å ta nasjonale samhandlingstenester i bruk. Det er behov for eit overordna arkitekturmålbilde for journal- og samhandling i sektoren. Då kan aktørane ta utgangspunkt i målbildet når dei planlegg sine tiltak. Arbeidet med det overordna arkitekturmålbildet startar med vurderinga som er i gang av korleis

nasjonale e-helseløysingar kan vidareutviklast for å realisere målbildet for heilskapleg samhandling. Ein omforeint finansieringsmodell vil også vere viktig å få etablert for å skape føreseielegheit.

For å forbetre journal- og samhandlingsløysingane, samarbeider Direktoratet for e-helse med aktørane som har ansvar for dei ulike tiltaka, for å sikre heilskapen, og at samanhengen mellom journal- og samhandlingsløysingane blir vareteken. Dette inneber blant anna å avklare avhengnader og mogleg overlapp eller synergjar. Ei sentral oppgåve er å fange opp nye behov og avklare om dette bør løysast nasjonalt eller regionalt/kommunalt/lokalt.

Det funksjonelle målbildet for Éin innbyggjar – éin journal må realiserast stegvis, og drivarane for stega må baserast på dei endringane og den vidareutviklinga aktørane i helse- og omsorgstenesta ønskjer å gjennomføre for å møte helsepolitiske mål og morgondagens utfordringar. I dag er digital heimeoppfølging og velferdsteknologi ein av dei tunge drivarane innan samhandling, og vi ser at for å lykkast på dette området så må Helsedirektoratet, Norsk helsenett SF, Direktoratet for e-helse og aktørane i sektoren jobbe saman for at vi skal sjå heilskapen og nå måla vi set oss. For å lykkast med modernisering av journal- og samhandlingsløysingar, er det viktigare enn nokon gong å sjå dette i samheng med endringar i organisering, prosessar, medisinskfagleg utvikling og teknologi.

Rapportering på spesielle oppdrag og styringsparametrar

Styringsparameter/resultatmål	Status
<i>Andel kommunar som har teke i bruk kjernejournal på sjukeheim og i heimetenesta.</i>	Grøn

I 2021 er det 84 kommunar som nyttar kjernejournal medan 25 kommunar er teknisk klare (men har ikkje starta bruk enno). Det er ved årsskiftet totalt 1 362 verksemder i pleie- og omsorgstenesta som nyttar kjernejournal. Målet er at 320 kommunar har teke kjernejournal i bruk i løpet av 2023. Arbeidet med å realisere dette målet er i samsvar med plan.

Styringsparameter/resultatmål	Status
<i>Talet på helseføretak som har teke i bruk dokumentdeling i kjernejournal.</i>	Grøn

I dag er Helse Nord RHF og Helse Sør-Aust RHF i gang med dokumentdeling i kjernejournal. Det er i 2021 inga endring frå 2020 i talet på helseføretak som har teke dette i bruk. Helse Sør-Aust RHF planlegg å breidde dokumentdeling til fleire helseføretak ila. mars 2022. Helse Vest RHF startar utprøving i år og vil breidde dette så snart testing er godkjent.

Spesielle oppdrag	Status
<i>Med bakgrunn i planverk for modernisering av journal- og kurveløysingar i dei regionale helseføretaka, Helseplattformen og Akson, gjere ei samla vurdering av utviklinga av journal- og kurveløysingar i sektoren for å nå måla i Éin innbyggjar – éin journal. Dette skal inngå i den årlege vurderinga av mål-oppnåing knytt til Nasjonal helse- og sjukehusplan.</i>	Grøn

Direktoratet for e-helse leverte si vurdering av modernisering av journal- og kurveløysingar som ein del av den årlege vurderinga av mål-oppnåing knytt til Nasjonal helse- og sjukehusplan. Vurderinga

omfatta dei regionale helseføretaka, Helseplattforma, Felles kommunal journal og samhandlinga mellom desse. Direktoratet inkluderte tilrådingar for vidare oppfølging av Éin innbyggjar – éin journal, som er i tråd med merknader frå Riksrevisjonen.

Det har vore ei god utvikling i arbeidet med modernisering av journalsystema i 2021.

Helseplattforma er i test, og planlegg første lansering våren 2022. Det er første gong det blir etablert ei felles journalløysing for spesialisthelseteneste, kommunar, fastlegar og private spesialistar.

Helse Nord RHF, Helse Vest RHF og Helse Sør-Aust RHF er på god veg med innføring av elektroniske kurveløysingar og har tidfesta planar for innføring av DIPS Arena.

For å oppnå gevinstane av standardisert språk, må dei regionale helseføretaka styrkje samarbeidet sitt om einskapleg utvikling av strukturert journal. Dei regionale helseføretaka har fått i oppdrag å utarbeide ein felles strategi for strukturering av journal. Dei har identifisert gevinstar ved struktureringa både for primær- og sekundærformål. Direktoratet meiner strukturering er eit viktig arbeid som gir store gevinstar, og vurderer at arbeidet med strukturering må ha høg prioritet vidare.

Regjeringa gav i 2021 finansiering til tiltaka Felles kommunal journal og Program digital samhandling. Målet med Felles kommunal journal er stegvis realisering av ein journal for helsepersonell i kommunal helse- og omsorgsteneste utanfor helseregion Midt-Noreg.

Det vidare arbeidet med Felles kommunal journal blir gjennomført i eit samarbeidsprosjekt under leiing av kommunesektoren. Prosjektet arbeider med å utarbeide eit oppdatert styringsdokument. Styringsdokumentet inngår i grunnlaget for at eit fleirtal av kommunane utanfor Midt-Noreg, KS og Helse- og omsorgsdepartementet innan sommaren 2023 sluttar seg til ei vidareføring og realisering av løysingar som varetek behovet til kommunane. Avgjerdsunderlag skal leverast sommaren 2023 og inkludere eit oppdatert og kvalitetssikra styringsdokument.

Program digital samhandling har arbeidd med å vidareutvikle løysingar for trygg og sikker informasjonsdeling, etablering av nasjonal informasjonsteneste for oppslag av laboratorie- og radiologisvar, og planlegg å få realisert gevinstane av eksisterande nasjonale samhandlingsløysingar.

Arbeidet med modernisering av journal- og samhandlingsløysingar for å oppnå målbildet Éin innbyggjar – éin journal er komplekst og har høg risiko. Det er fleire parallelle tiltak som må gjennomførast, og det er krevjande med parallell utvikling regionalt og nasjonalt. Helseplattforma er utprøving av det nasjonale målbildet. Det vil i det vidare arbeidet vere viktig å hauste erfaringar og sørgje for gjenbruk frå utprøvinga.

Den nasjonale styringsmodellen med Nasjonal e-helsestyre, NUIT og NUFA kan vere gode arenaer for å bevisstgjere e-helseaktørane på læringspunkt og erfaringar frå Helseplattforma. I tillegg vil bilaterale erfaringsutvekslingsarenaer mellom aktørar vere viktig for å dra nytte av erfaringar og få til gjenbruk. Det er oppretta enkelte slike erfaringsutvekslingsarenaer mellom Helseplattforma og andre aktørar, og dette arbeidet bør forsterkast framover. For Felles kommunal journal kan det vere læringspunkt frå kommunalt samarbeid i Midt-Noreg knytt til Helseplattforma. Dei tre regionale helseføretaka utanfor Midt-Noreg planlegg også å trekkje lærdom frå Helseplattforma.

Direktoratet for e-helse har gjennom Program for digital samhandling gjort ei vurdering av erfaringar som er relevante for digital samhandling, og korleis valde prinsipp, krav, prosessbeskrivingar, standardar og terminologi for samhandling som er nytta i Helseplattforma, kan gjenbrukast nasjonalt. Fleire av erfaringane er læringspunkt som har overføringsverdi for det vidare arbeidet i Program digital samhandling, inkludert steg 2 med samhandlingsområda kritisk informasjon, dokumentdeling, Pasientens legemiddelliste og datadeling for digital heimeoppfølging.

I det vidare arbeidet med å forbetre journal- og samhandlingsløysingar må Direktoratet for e-helse ha god innsikt i og samarbeide med dei ulike tiltaka for å sikre heilskapen og at samanhengen mellom journal- og samhandlingsløysingane blir vareteken. Direktoratet for e-helse skal sørge for auka koordinering av IT-utviklinga. Samla koordinering av IT-utviklinga vil gi oversikt over risiko, avhengnader og moglegheit for å identifisere overlapp eller synergjar. Eit verkemiddel vil vere oppfølginga som blir gjennomført av nasjonal porteføljestyling og behandlinga av e-helseporteføljen i den nasjonale styringsmodellen for e-helse.

Spesielle oppdrag	Status
<i>Gjennomføre prosjekta grunndata- og tillitstenester, nasjonal informasjonsteneste for oppslag av laboratorie- og radiologisvar, etablering av API-management, og forprosjekt for steg 2 slik desse er definerte i sentralt styringsdokument for Akson, innanfor styringsramma som vart fastsett etter KS2. Forprosjekt for heilskapleg samhandling er konkretisert i eige brev av 18. desember 2021.</i>	Gul

For 2021 løyvde Stortinget 189 millionar kroner til steg 1 i utviklingsretninga for samhandling. Ansvaret for gjennomføringa av steg 1 vart av Helse- og omsorgsdepartementet lagt til Direktoratet for e-helse, som har organisert arbeidet som eitt program - Program digital samhandling. Programmet består av tre delprosjekt:

- Forprosjekt steg 2
- Tillitstenester, API-handtering og Grunndata (TAG)
- Nasjonal informasjonsteneste for oppslag av laboratorie- og radiologisvar (NILAR)

Direktoratet samarbeider tett med Norsk helsenett SF som utviklar dei nasjonale løysingane for TAG og NILAR.

Hovudaktivitetar for programmet i første halvår i 2021 har vore knytt til planlegging, etablering og oppstart av programmet. Ein viktig del har vore etablering av samarbeidet med Norsk helsenett SF, under dette konkretisering av gjennomføringsmodellar basert på smidige prinsipp, konkretisere mål og arbeidsomfang for dei to prosjekta TAG og NILAR, og dessutan å avstemme innretning for arbeidet med forprosjektet for steg 2 med aktørane i sektor.

I siste halvår har det vore fokus på avsluttande leveranse rundt planlegginga av det vidare arbeidet, definert som «Forprosjekt steg 2». Her skal vidareutvikling av digital samhandling planleggjast som ein stegvis prosess, med tydeleg forankring i behovet til sektoren og tydeleg veg mot målbildet for heilskapleg samhandling. I tillegg blir prosjekta rundt prøvesvar (NILAR) og tillitsmodell (TAG) gjennomførte slik dei vart planlagde og etablerte i første halvår.

Forprosjekt steg 2

I desember 2020 fekk direktoratet i oppdrag å gjennomføre eit forprosjekt for steg 2-n i utviklingsretninga for samhandling med leveranse av sentralt styringsdokument i desember 2021 og ekstern kvalitetssikring (KS2) våren 2022. I juni 2021 kom det ei konkretisering av oppdraget, der det vart presisert at det berre var steg 2 som skulle definerast og at steg 2 skulle ta utgangspunkt i vegkartet for nasjonale e-helseløysingar. Dette svarer ut Riksrevisjonens merknad om at direktoratet i det forserte forprosjektet for digital samhandling steg 2, skal kople eksisterande vegkart for innføring og utvikling av nasjonale e-helseløysingar med ein gjennomføringsplan for målbildet for digital samhandling jf. brev av 16. juni 2021. Dette vil vere eit viktig bidrag for å få på plass nye mekanismar for prioritering.

Realisering av målbildet for heilskapleg samhandling ut over steg 1 inneber at nasjonale e-helseløysingar og felleskomponentar skal utviklast stegvis. Innbyggjarane, helsepersonell i sjukehus, avtalespesialistar, kommunar, fastlegar, apotek mv. skal givast betre moglegheit til å utveksle informasjon digitalt, og det skal leggjast til rette for betre samhandling med andre statlege og kommunale tenester.

Forprosjektet leverte sentralt styringsdokument versjon 0.99 i desember. Endeleg versjon vart levert medio januar 2022. Steg 2 er behandla i den nasjonale styringsmodellen og sektoren støttar hovudretninga og prioriteringa.

Prosjekt TAG (Tillitstenester, API-handtering og Grunndata)

Innanfor tillitstenester blir det utvikla tenester som gjer at helseverksemdar kan nytte sine egne og føretrakte eID-løysingar slik at databehandlarar ikkje treng å låne helseverksemda sitt verksemdssertifikat. Løysingane blir utvikla av Norsk helsenett SF i samarbeid med Helseplattforma. Leveransen blir ferdigstilt i løpet av første kvartal 2022. Det pågår også arbeid for å gi HelseID høgare garantert oppetid. Leveransen blir ferdigstilt i løpet av 2022. Vidare er det starta arbeid for å etablere ei felles personvernteneste, første leveranse er nødvendig for å lykkast med utprøving av NILAR.

Innanfor API-handtering er det starta utvikling av ei felles oversikt og utviklarportal for aktørar som ønskjer å ta i bruk API frå nasjonale e-helseløysingar og felleskomponentar. Løysinga skal gjere det enklare og sikrere å ta i bruk API-ar, og den er også eit verkemiddel for næringsutvikling og innovasjon. Løysinga er under test og skal gjerast tilgjengeleg for sektoren i løpet av første halvår 2022.

Innanfor grunndata vart det i 2021 gjennomført ein test på korleis moderniseringa av grunndata-løysinga bør gjennomførast. Basert på resultatane av testen vart det laga ein plan for korleis ei løysing for grunndata med høg tilgjengelegheit for både verksemd og personell kan etablerast. Arbeidet med første leveranse er starta og skal ferdigstillast i løpet av 2022. Dette arbeidet dannar grunnlaget for vidare modernisering av andre informasjonsmengder innan grunndata – spesielt knytt til personell og verksemd, og dessutan vidareutvikling for å understøtte samhandlingstenester og felles kommunal journal. Prosjektet ligg noko etter opphavleg plan og status blir derfor sett til gul.

NILAR - nasjonal informasjonsteneste for oppslag av laboratorie- og radiologisvar

Prosjektet har i 2021 jobba tett med Norsk helsenett SF og sektor for å detaljere behova, og er godt i gang med å utvikle NILAR-løysinga. Arbeidet er på plan.

Vidare har det vore mykje dialog rundt det tekniske grunnlaget for NILAR, dei bruksmessige forholda og dessutan vurderingar rundt grunnlaget for løysinga opp mot gjeldande rett.

Prosjektet etablerte i mai samarbeidsgrupper med sektor, private laboratorium og pasient- og brukarforeiningane som følgjer:

- Samarbeidsgruppe laboratoriefag
- Samarbeidsgruppe radiologi og patologi
- Samarbeidsgruppe teknisk

Verdien av samarbeidsgruppene er stor, då prøvesvar i stor grad er digitaliserte i dag, men med ulik bruk og modningsgrad. Det er derfor viktig å ha tett dialog for å sikre konsistens.

Det vart hausten 2021 vedteke i programstyret å fokusere på tilgjengeleggjering av prøvesvar for helsepersonell, og løysinga er under utvikling med plan om utprøving hausten 2022.

Prosjektet har beskrive og klargjort beskriving av løysinga for innbyggjarperspektivet, men utvikling er ikkje igangsett.

Spesielle oppdrag	Status
<i>Bidra med kompetanse og ressursar i det felles prosjektet som er etablert av KS, eit utval kommunar og staten i det vidare arbeidet med felles kommunal journalløysing (Akson).</i>	Grøn

Det vidare arbeidet med felles kommunal journal blir gjennomført i eit samarbeidsprosjekt under leiing av kommunesektoren. Direktoratet for e-helse har i 2021 delteke i arbeidet som styresmaksorgan, og dessutan på førespurnad bidrege med kompetanse og ressursar inn i prosjektet i ulik grad gjennom året. Direktoratet for e-helse har hatt ein observatørrolle i styringsgruppa for arbeidet fram til verksemda Felles kommunal journal interim AS vart stifta i oktober 2021. Direktoratet er medlem i prosjektrådet som etablerte seg i november 2021, og har på førespurnad meldt inn ressursar til aktørforum som vil møtast kvar tredje veke med oppstart i januar 2022.

Spesielle oppdrag	Status
<i>Etablere ei tilskotsordning for bidraget frå staten til programmet Akson journal. Direktoratet for e-helse skal forvalte tilskotet og rapportere til Helse- og omsorgsdepartementet ved behov og i tråd med tilskotsregelverket, jf. også omtale under Andre oppdrag.</i>	Grøn

Direktoratet for e-helse har i 2021 utarbeidd regelverket for tilskot til programmet Felles kommunal journal (Akson). Det er gitt eit forskot på tilskot, og ein ordinær søknad om tilskot frå samarbeidsprosjektet ved Kommunenes sentralforbund (tilskotsmottakar) er behandla. Det vart i 2021 søkt om tilskot på 72 millionar kroner. Utbetaling av forskot og vedtak om tilskot med utbetaling er gitt i samsvar med tilskotsregelverk av 7. januar 2021. Samla er det i 2021 innvilga og utbetalt 65 millionar kroner til tilskotsmottakar.

Direktoratet for e-helse ber om å få overført unyttede midlar frå løyvinga for 2021 til budsjettåret 2022. Det er utarbeidd og godkjent eit revidert regelverk for tilskot til Program felles kommunal journal for 2022.

Spesielle oppdrag	Status
<p><i>Gjennomføre Legemiddelprogrammet i samsvar med oppdatert styringsdokument. Oppdraget om oppdatert styringsdokument har frist 18. desember 2020. Departementet vil komme tilbake med konkretisering i eige brev i januar.</i></p>	<p>Gul</p>

Riksrevisjonen peikar på at det er alvorleg at arbeidet med legemiddellista har vorte forseinka. Legemiddelprogrammet skal realisere Pasientens legemiddelliste. Når Legemiddelprogrammet er avslutta, vil helsepersonell med tenestleg behov ha tilgang til ei oversikt over ei til kvar tid korrekt legemiddelliste for pasienten, og innbyggjar og pårørande har digital tilgang til den same legemiddellista via Helsenorge. Formålet med Pasientens legemiddelliste er å auke kvaliteten på legemiddellista og dermed auke pasientsikkerheita, og dessutan redusere tida helsepersonell bruker på å manuelt hente inn informasjon om legemiddelbehandlninga til pasienten. Arbeidet har høg prioritet i direktoratet.

Etablering av Pasientens legemiddelliste har stort fokus i sektoren. Innføringa føreset at helsepersonell har tilgang til funksjonalitet for å korrekt handtere legemiddelopplysningar i sine elektroniske pasientjournalssystem, og dessutan funksjonalitet for å kunne få, oppdatere og sende Pasientens legemiddelliste. Innføring av Pasientens legemiddelliste vil krevje koordinering og involvering av ei samla helseteneste. Før innføringa av Pasientens legemiddelliste kan starte, er det også nødvendige førebauende aktivitetar som må gjennomførast. Tekniske føresetnader som sikkerheitsinfrastruktur og teknisk utstyr må også vere klargjort før oppstart.

Programmet har delt inn arbeidet og leveransane i to hovudfasar. I fase éin vil programmet leggje til rette for nasjonal innføring og stegvis realisering av gevinstar, medan fase to har fokus på nasjonal innføring. I løpet av 2021 har programmet komme vidare i arbeidet med nasjonal tilrettelegging, der aktivitetane fordeler seg på fire område; utprøving av Pasientens legemiddelliste i Bergen, utprøving og innføring av e-multidose, innføring av kjernejournal til sjukeheim og heimeteneste, og dessutan utvikling av sentral forskrivningsmodul.

Oppsummert rapporterer direktoratet gult på dette oppdraget fordi utprøvinga av Pasientens legemiddelliste vart starta noko etter planen, det er usikkerheit knytt til nasjonal innføring og utviklinga av sentral forskrivningsmodul er noko etter planen. Det er gjort nærmare greie for status og tiltak i det følgjande.

Utprøving av Pasientens legemiddelliste i Bergen

Utprøvingssprosjektet i Bergen vart etablert hausten 2020, og utprøvinga blir gjennomført frå tidleg haust 2021 til hausten 2023, der dei første vart oppretta i 2021. Oppstart av utprøvinga vart nokre veker forseinka grunna behov for retting av feil som vart oppdaga under godkjenning av dei tekniske løysingane. Utprøvinga vil gi verdifull kunnskap. Utprøvingperioden er tilrådd forlengd med 3-6 månader då prosjektet har hatt behov for å justere funksjonalitet i nasjonale løysingar og i EPJ for å vareta pasientsikkerheita, og det vil derfor ta lengre tid å få oppretta tilstrekkeleg tal legemiddellister i utprøvinga. Helse Vest og Bergen kommune gjennomfører nødvendige og koordinerte tiltak,

samtidig som prosjektet vil levere nødvendig dokumentasjon for planlegging og til dels gjenbruk for nasjonal innføring, under dette:

- Evalueringsrapport(ar)
- Oppdatert samfunnsøkonomisk analyse og gevinstrealiseringsplan
- Kartlegging av dagens situasjon
- Arbeidsprosess/ prosedyrebeskrivingar
- Rettleiing/beste praksis for bruk av Pasientens legemiddelliste
- Endrings- og innføringsstrategi
- Aktivitetsplan for innføring, under dette tekniske førebuingsaktivitetar
- Pasientens legemiddelliste-funksjonalitet i journalsystem/kurveløysingar
- Brukarretteiing for Pasientens legemiddelliste i journalsystemet
- Opplæring og informasjonsmateriell

Ovannemnde leveransar har komme godt i gang, og eit nasjonalt innføringsprosjekt er under etablering. Oppstart av nasjonal innføring er forventa i 2023. Innføringa vil bli gjennomført stegvis, med eit anteke slutført innføringsløp i 2027/28. Det er betydeleg usikkerheit knytt til tiltaket, og utprøvinga i Bergen bidreg til å redusere risiko ved å blant anna:

- Verifisere om Pasientens legemiddelliste som konsept fungerer
- Verifisere om det er nytte å hente ut, og kor stor denne er forventa å vere
- Planleggje, teste og tilpasse innføringsaktivitetar og sikre at dei bidreg til formålstenleg bruk og at forventa nytte blir realisert
- Teste kva tiltak som bør gjennomførast til kva tidspunkt

Multidose i e-resept

Multidose er ei teneste for maskinell pakking av legemiddel til personar som treng hjelp til å dosere eller hugse å ta legemidla sine. Løysinga for multidose i e-resept inneber at multidoselege i tillegg til å sende e-reseptar også kan sende Pasientens legemiddelliste. Med multidose i e-resept er det elektronisk kommunikasjon og utvekslinga av legemiddelopplysningane til pasienten er mellom lege og multidoseapotek gjennom Reseptformidlaren, i staden for dagens papirbaserte løysing som i all hovudsak nyttar faks som kommunikasjonskanal. Prosjektet vil bidra til auka pasientsikkerheit ved å redusere dobbeltforskriving til multidosepasientar, og etablere samhandling om Pasientens legemiddelliste mellom multidoseansvarleg lege og multidoseapotek.

Prosjektet gjennomfører utprøving og innføring av e-multidose i tett samarbeid med fastlegane, EPJ-leverandørane for fastlegane, multidoseapoteka og heimetenesta til kommunane. I løpet av 2022 vil fastlegeleverandørane til omtrent 2/3 av fastlegane tilby e-multidose, resten vil tilby e-multidose i løpet av 2023 og prosjektet har som mål at 80 % av samhandlinga for multidosepasientar går føre seg elektronisk i løpet av 2024.

Innføring av kjernejournal til sjukeheim og heimeteneste

Innføringa av kjernejournal er eit viktig trinn på vegen mot Pasientens legemiddelliste. Helsepersonell i pleie- og omsorgstenesta får tilgang til og har nytte av å innhente kvalitetssikra legemiddel- og andre helseopplysningar. Prosjektet sørgjer også for at nødvendig sikkerheitsinfrastruktur blir etablert, og innføringsnettverk for denne delen av sektoren får god

erfaring for vidare innføring av nasjonale løysingar. Prosjektet har som mål at 320 kommunar har teke kjernejournal i bruk i løpet av 2023.

Sentral forskrivningsmodul

Sentral forskrivningsmodul vil dekkje behova for forskrivning og samhandling om Pasientens legemiddelliste for fastlegar, avtalespesialistar, tannlegekontor, sjukeheim/heimeteneste, og dessutan sjukehus. For sjukehus blir det etablert eit API, der Helseplattforma er først ute med oppstart i april 2022. Alle EPJ-leverandørar til fastlegar, forutan ein, vil tilby Sentral forskrivningsmodul (SFM) til sine kundar i løpet av 2022 og 2023. Dette medfører at alle fastlegar bør vere i stand til å samhandle om Pasientens legemiddelliste innan utgangen av 2023. Utprøving og innføring av SFM i EPJ som blir nytta i sjukeheim og heimeteneste, vil også setjast i gang i 2022. Utbreiing av SFM er ein føresetnad for nasjonal innføring av Pasientens legemiddelliste og elektronisk multidose. Utviklingsaktivitetane er noko etter planen, men versjonane som varetek fastlegar og sjukeheim og heimeteneste vil bli levert i 2022.

Spesielle oppdrag	Status
<i>Følgje opp plan for deling av journaldokument mellom verksemder, regionar og nivå via kjernejournal og gjere ei vurdering av måloppnåinga til sektoren. Dette skal inngå i den årlege vurderinga av måloppnåing knytt til Nasjonal helse- og sjukehusplan.</i>	Grøn

Dokumentdeling via kjernejournal har vorte prøvd ut i Helse Sør-Aust RHF og Helse Nord RHF i perioden november 2020 til februar 2021. Legar og sjukepleiarar ved legevakter, kommunal akutt døgneining, sjukehus og fastlegar fekk tilgang til ulike typar journaldokument frå sjukehus i sin region. Helsepersonell frå utprøvinga har framleis tilgang til løysinga.

Tenesta har vorte svært godt teken imot. Helsepersonell meiner løysinga gir raskare og betre samhandling og aukar pasientsikkerheita. Det gir stor klinisk nytte å ha god oversikt over sjukdomshistorikk. Pasientsikkerheita aukar når ein ser vurderingar andre har gjort før og kan enklare følgje opp og legge gode planar for pasienten.

Eit anna funn frå utprøvinga var at dei dataansvarlege for journaldokumenta som blir delte, ikkje får tilstrekkeleg informasjon om grunnen helsepersonellet har til å be om innsyn, til at dei kan vareta pliktene sine som dataansvarleg. Dette går blant anna på å gi tilstrekkeleg informasjon om oppslaget ved førespurnad frå innbyggjar, og dessutan å kunne gjere etterkontroll av mistenkjelege oppslag. Det vart i tillegg identifisert fleire andre tiltak som må gjennomførast før innføringa kan starte.

I 2021 har Norsk helsenett SF gjennomført førebuingar og planlegging av ei stegvis innføring av dokumentdeling. Direktoratet for e-helse har vorte bede om å gjennomføre juridiske vurderingar om kva som må gjennomførast før innføringa kan starte opp.

Gjeldande planar er at Helse Nord RHF og Helse Sør-Aust RHF tidlegast kan starte dei første innføringsstega i slutten av første kvartal 2022. Det er usikkerheit i planen då den føreset at partane blir samde og at nødvendige aktivitetar blir gjennomførte. I samsvar med planen for dokumentdeling som vart send til Helse- og omsorgsdepartementet 15. oktober 2020, skulle innføringa ha starta i andre kvartal 2021. Helse Vest RHF har eit prosjekt i gang og planlegg å gjennomføre ei utprøving med Stavanger kommune før sommaren 2022.

Arbeidet til direktoratet med å følgje opp plan for deling av journaldokument er i samsvar med planen, og vi rapporterer derfor grøn status på dette oppdraget. Vår vurdering av måloppnåing i sektoren på dette området er at status er gul. Det var konklusjonen på dette punktet i vurderinga frå direktoratet av måloppnåing knytt til Nasjonal helse- og sjukehusplan.

Spesielle oppdrag	Status
<i>Hjelp Helsedirektoratet i arbeidet med å gjennomføre tiltak i Handlingsplan for allmennlegetenesta (2020-2024), under dette arbeidet med e-konsultasjon og triagering, og bidra til kvalitetsheving av dagens elektroniske pasientjournalar for legekantor og fysioterapeutar, jf. EPJ-løftet som blir vidareført for avtaleåret 2020/2021.</i>	Grøn

Handlingsplan for allmennlegetenesten 2020-2024 vart lagt frem av regjeringa i mai 2020, og Helse- og omsorgsdepartementet har gitt Helsedirektoratet ansvaret for oppfølginga. Handlingsplanen består av i alt 17 tiltak der fleire i ulik grad er retta mot digitalisering. Direktoratet for e-helse har i 2021 hatt regelmessige møte med Helsedirektoratet der vi bidreg med e-helsekompetanse inn i oppfølginga av dei konkrete tiltaka. Arbeidet i Program digital samhandling og Program pasientens legemiddelliste vil også underbygge handlingsplanen.

Helsedirektoratet skreiv i mai 2021 at koronapandemien har hatt innverknad på starten av planperioden. Endring i behovet for og bruken av helsetenester blant innbyggjarane og i måten fastlegane arbeider på har også prega første del av planperioden. Vidare har nødvendigeit av testing, isolasjon, smittesporing og karantene (TISK) og omfattande smitteverntiltak påverka utprøvinga av ulike prosjekt med relevans for handlingsplanen.

Erfaringa og nytten innbyggjarar og helsepersonell har fått med auka bruk av digitale verktøy under pandemien vil truleg bidra til at digitaliseringstiltak vil få auka oppslutning.

Det vart hausten 2021 etablert ei referansegruppe som skal bidra til å evaluere arbeidet med handlingsplanen. Direktoratet for e-helse er representert og første møte blir halde i januar 2022.

Direktoratet for e-helse har hjulpt Helsedirektoratet i innkjøp av triageringsverktøy i samarbeid med Norsk helsenett SF. Triageringsverktøyet er no under pilotering ved fire fastlegekantor (oppstart november 2021) og blir slutført i løpet av 2022. Forsøket med triageringsverktøy byggjer på tidlegare utgreiing for bruk av e-konsultasjon i allmenn- og fastlegetenesta (2018).

EPJ-løftet¹⁵ har også i 2021 hatt eit høgt aktivitetsnivå. Leverandørane har vorte tett følgt opp på avtaleprosjekt gjennom heile året, men utsetjingar på enkelte leveransar frå leverandørane har ikkje vore mogleg å unngå. Prosjekt som er ferdigstilte, er innrapportering frå avtalespesialist, fastlegeknappen, timebooking av fellesressursar på legekantor frå Helsenorge og uttrekk av risikopasientar for covid-19 på fastlegelista. Utprøving av Pasientens legemiddelliste i Helse Vest RHF er starta opp etter avtalar inngått med leverandørar.

EPJ-løftet har sett i gang ein gjennomgang av prosjektporteføljen med mål om å finne moglegheiter for å utvikle og styrkje arbeidet til EPJ-løftet. Det er forventa at dette kan gi grunnlag for å justere leveransearbeidet og gi meir realistisk budsjettering og leverandør oppfølging.

Direktoratet for e-helse er representert i ei breitt samansett referansegruppe for handlingsplanen for allmennlegetenesta. EPJ-løftet har presentert tiltaka ein arbeider med, i eitt av referansegruppemøta.

¹⁵ EPJ-løftet er eit program for EPJ-utvikling. Det skal bidra til kvalitetsheving av EPJ-systema til fastlegar, avtalespesialistar, fysio- og manuellterapeutar ved å utvikle og ta i bruk nyttig funksjonalitet og felleskomponentar. [Ytterlegare informasjon om EPJ-løftet](#)

Direktoratet for e-helse er også representert i referansegruppa for handlingsplanen for pasientsikkerheit og kvalitet. Direktoratet har i tillegg hatt egne møte med innspel til Helsedirektoratets oppdrag om eit nasjonalt system for kvalitetsforbetring i allmennlegetenesta.

NAV og allmennlegetenesta samhandlar i stor grad, og det blir arbeidd med digitaliseringstiltak som kan forenkle dette. Direktoratet for e-helse er ein sentral del av arbeidet med sakkunnige erklæringar og attestar gjennom eit samarbeid med NAV (Arbeids- og velferdsdirektoratet) og Helsedirektoratet.

I 2021 har EPJ-løftet følgt opp Handlingsplan mot antibiotika-resistens ved tiltaket Moglegheit for å endre varigheit på antibiotika-reseptar. Funksjonalitet for dette er i 2021 levert av alle aktuelle EPJ-leverandørar.

Hovudmål 4: Oppdaterte og tilgjengelege helsedata

I 2021 gjekk Helsedataprogrammet inn i sitt avsluttande år, og skulle etter opphavleg plan levere store og viktige leveransar for å realisere målbildet for helsedatasatsingar. På grunn av blant anna utfordringar med Schrems-II-dommen, forseinka etablering av Helsedataservice og forseinka iverksetjing av forskrift, har ei rekkje av hovudleveransane vorte forseinka eller sett på pause.

Dataplattformen vart i 2021 i stor grad ferdigutvikla, medan analysetenestene etter planen skulle leverast våren 2022. Men Direktoratet for e-helse vedtok i desember 2021 å setje vidare utvikling av dataplattform og analysetenester i allmenn sky frå ein amerikansk skyleverandør på pause¹⁶. Som ein konsekvens av dette, vil ikkje Helsedataservice kunne overta vedtaksmyndigheit og levere ut data til søkarar av helsedata i 2022 som planlagt.

Programmet har levert viktige leveransar i løpet av 2021. Ein viktig milepæl er etableringa av Helsedataservice på Tynset. Det er også jobba med å vidareutvikle helsedata.no og felles søknadsskjema, og breidde løysingane vidare. Talet på helseregister og -kjelder på helsedata.no nådde 34 i 2021, ein auke på 23 frå 2020. Det har også vore ein auke i talet på søknader via helsedata.no.

I den nyetablerte anskaffeshåndboken blir det beskrive krav til dokumentasjon og arkivering i innkjøpsprosesser generelt i eit innleiande kapittel. Gjennomgåande er det innført strengare krav til dokumentasjon i alle fasar av innkjøpsprosessen; behovs- og planleggingsfasen, gjennomføringsfasen og kontraktsoppfølgingsfasen. Malane som blir nytta, er utforma med tanke på å vere eigna for å dokumentere viktige avgjerder og vesentlege forhold.

Rutinebeskrivingane i anskaffeshåndboken er sett opp i tabellform der alle aktivitetane som skal utførast er beskrivne steg-for-steg i kronologisk rekkjefølgje. Tabellane er utforma som vist nedanfor, der krav til dokumentasjon og arkivering kjem tydeleg fram.

#	Kva skal gjerast?	Dokument	Blir arkivert i 360	Utført av/ ansvaret for
---	-------------------	----------	---------------------	-------------------------

Det er innført strengare og meir omfattande krav til behovsbeskriving for alle innkjøp. Grunngeving og formål skal utdjupast og omfang og ressursbehov tydeleggjerast. Dette bidreg til å sette tydelege rammer for konkurransen og kontraktane slik at det blir enklare å vurdere kva som er viktige avgjerder og vesentlege forhold som skal dokumenterast.

Det er også utarbeidd en ny mal for kontraktsoppfølging; ein logg som blir fylt ut løpande i kontraktsperioden. Frå loggen er det vist til aktuelle kapittel i anskaffeshåndboken som inneheld retningslinjer for kva vurderingar som skal gjerast og korleis desse skal dokumenterast ved forhold som endring av kontrakt, utskifting av konsulent, utløyising av opsjon mv.

Riksrevisjonenes tilråding 3: Kontroll med kostnadene i dei enkelte innkjøpa

Riksrevisjonen påpeika at direktoratet ikkje har hatt tilstrekkeleg kontroll med kostnadsutviklinga i dei enkelte innkjøpa og at nye kjøp er gjennomført først når den totale ramma for eit innkjøp er overskriden.

Det er iverksett tettare økonomioppfølging av program og prosjekt, blant anna med rutinar for kostnadskontroll på avtalar og konsulenttimar.

Eitt av kontrolltiltaka som er sett i verk, er månadleg kontroll av uttak på kontrakt versus den utlyste verdien på kontrakten. Dersom uttaket nærmar seg utlyst verdi på kontrakten, må tiltak vurderast. I tillegg til å unngå overskridingar av den totale ramma for innkjøp bidreg rutinen til føreseielegheit i ressurstilgangen og redusert risiko for ein ikkje planlagt stopp i tilgang på ressursar.

Riksrevisjonens tilråding 4: Unngå avhengnad til enkeltkonsulentar og leverandørar

Riksrevisjonen påpeika at direktoratet nyttar konsulentar i viktige roller over lengre tid og ikkje har dokumentert vurdering av risiko for å bli avhengig av ein bestemt leverandør. Riksrevisjonen påpeika også manglar knytt til kompetanseoverføring.

I sourcingstrategien til direktoratet er det gitt utdjupande prinsipp for bemanning som følgjer opp Riksrevisjonens tilrådingar:

1. Oppgåver knytt til utøvinga av rolla til direktoratet som pådrivar, premissgivar og fagleg rådgivar skal som hovudregel løysast av tilsette.
2. Program- og prosjekteiarrollar skal fyllast av ein tilsett linjeleiar.
3. Leiaroppgåver i program, prosjekt og linje skal som hovudregel løysast av tilsette.

Innleigde konsulentar i direktoratet har alltid hatt klart definerte roller og avgjerder har vorte tekne av leiinga, gjerne i tett dialog med program- og prosjektstyre som ofte er samansette av representantar frå aktørar i sektoren. Med prinsippa ovanfor og tiltak som tydeleggjer kven som er innleigde konsulentar, er heile organisasjonen bevisst på risikoen for avhengnad til leverandørar og enkeltkonsulentar.

I oppdaterte rutinar er det krav til utdjupande beskriving av rollen for kvar konsulent som blir kjøpt inn. Ved kontraktsvarigheit over 2 år er det krav til særskild grunngjeving. I konsulentstrategien er det nedfelt at tiltak for å avgrense avhengnad til leverandørar og/eller enkeltkonsulentar alltid skal vurderast.

Vidare er det krav om at det ved bruk av eksterne konsulentar alltid skal vurderast om det er behov for kompetanseoverføring til eigne tilsette. Det må vurderast korleis det best kan leggjast til rette for kompetanseoverføring og kven som er målgruppa for dette. Desse forholda skal belysast allereie i behovsbeskrivinga som ligg til grunn for ei avgjerd om å gå til innkjøp av konsulenttenester. På denne måten blir det sikra at konkrete krav til kompetanseoverføring kjem med i konkurransegrunnlaget og kontrakten.

Det blir elles vist til omtale i kapittel 4. Styring og kontroll i verksemda, delkapittel Innkjøp, for ytterlegare omtale av arbeidet til direktoratet med å forbetre praksis på innkjøpsområdet.

Tillegg nr. 8 - Roller og ansvar mellom Direktoratet for e-helse og Norsk helsenett SF

Tillegget beskriv endringar i rolle- og ansvarsfordelinga mellom direktoratet og Norsk helsenett SF i utviklinga av nasjonale e-helseløysingar for Program digital samhandling og Program pasientens legemiddelliste gjeldande frå 2022. Endringa inneber i hovudtrekk at Norsk helsenett SF får ansvaret for å leie utviklingsprosjekta for nasjonale e-helseløysingar, medan Direktoratet for e-helse beheld det heilskaplege ansvaret for å leie arbeidet i dei nasjonale programma. Norsk helsenett SF får oppdraga frå departementet og skal gjennomføre prosjekta innanfor rammene av programma leidd av direktoratet. Tildeling av oppdrag og midlar til Norsk helsenett SF er basert på råd frå direktoratet.

Direktoratet fekk i oppdrag å foreslå fordeling av løyving til Program digital samhandling og Program pasientens legemiddelliste i 2022. Direktoratet skulle innhente innspel frå Norsk helsenett SF i samband med dette, og beskrive kva aktivitetar midlane skulle finansiere.

Årsaka til tillegg nr. 8 var behovet for å tydeleggjere rolle- og ansvarsdeling i nasjonal e-helseutvikling som vart vedteken då organisasjonsendringa Ny e-helseorganisering tredde i kraft 1.

januar 2020. Dette behovet vart ytterlegare understreka ved opprettinga av Program digital samhandling seint på året 2020. Programmet vart tildelt øyremerkte budsjettmidlar i januar 2021. Programmet skal blant anna vidareutvikle dei digitale samhandlingsløysingane slik at pasientinformasjon kan delast sikkert og effektivt mellom aktørane i helse- og omsorgssektoren. Rolle- og ansvarsdeling, fordeling av budsjettmidlar og oppdrag vart diskutert i ei rekkje arbeidsmøte på leiarnivå hausten 2021, der ein i fellesskap tok fram ein revidert gjennomføringsmodell for nasjonale e-helseinitiativ. Departementet deltok i diskusjonar om styrings- og finansieringsmodell knytt til dette, og vart halde løpande orientert om status og framdrift i arbeidet gjennom fleire møte, der alle verksemdene deltok.

Saman med Norsk helsenett SF utarbeidde direktoratet eit forslag til fordeling av midlar med tilhøyrande aktivitetar for 2022.

Faste oppdrag i samsvar med hovudinstruks

Som følgje av ny e-helseorganisering, vart ny hovudinstruks fastsett av Helse- og omsorgsdepartementet 16. januar 2020. I det følgjande blir det rapportert status for utvalde faste oppdrag i hovudinstruksen²².

Kunnskapsinnhenting og formidling

Ei av styresmaktsoppgåvene til Direktoratet for e-helse er å halde seg orientert om det som skjer på e-helseområdet, og formidle innsikt og analysar om utviklinga nasjonalt og internasjonalt. Formålet er å tilgjengeleggjere kunnskap for aktørane i helse- og omsorgssektoren, og formidle trendar og utviklingstrekk frå eit styresmaktperspektiv som skal bidra til opplyste avgjerder om vidare digitalisering av helse- og omsorgssektoren.

Hovudaktiviteten for kunnskapsarbeidet i direktoratet gjennom 2021 har vore knytt til å etablere eit kunnskapsgrunnlag for oppdatering og aktualisering av ein ny e-helsestrategi for helse- og omsorgssektoren. Dette har vore eit breitt oppbygd analytisk arbeid som har involvert styringsmodellen, verksemder, organisasjonar og fagpersonar både i og utanfor sektoren, både frå privat og offentleg sektor. Kunnskapsgrunnlaget for strategien er tilgjengeleggjort via ehelse.no.

Eit av kunnskapsprodukt til Direktoratet for e-helse er den årlege utviklingstrekkrapporten. Utviklingstrekkrapporten 2021 var den fjerde i rekkja, og vart gitt ut digitalt 18. mars 2021. Direktoratet hadde gjennom 2021 fleire digitale møte og webinar, der formålet var å dele og spreie kunnskap om utviklinga innanfor e-helseområdet. Direktoratet opplever at det er auka etterspurnad etter statistikk, nøkkeltal og analysar om utviklinga innan e-helseområdet. Direktoratet innrettar derfor kunnskapsformidlinga mot digitale kanalar, med utgangspunkt i www.ehelse.no, for å gjere informasjon tilgjengeleg for flest mogleg. Det er blant anna etablert ei temaside for e-helsetrender på ehelse.no²³.

Internasjonalt samarbeid

Viktigheita av tett internasjonalt samarbeid har vorte aktualisert av pandemien, og har vist betydninga av at den internasjonale innsatsen blir oppretthalden og styrkt. Helse- og omsorgsdepartementet lanserte i 2021 ein internasjonal strategi for perioden 2021-2025. Strategien

²² [Hovedinstruks for Direktoratet for e-helse](#)

²³ [E-helsetrender](#)

angir blant anna digital helse som eit viktig satsingsområde, som også er førande for det internasjonale arbeidet til direktoratet.

Helse- og omsorgsdepartementet deltek på internasjonale arenaer der utviklinga av e-helse blir drøfta og felles avgjerder fatta. Som fag- og styresmaksorgan har Direktoratet for e-helse ein rådgivande funksjon for Helse- og omsorgsdepartementet i internasjonalt samarbeid om e-helse, og støttar derfor Helse- og omsorgsdepartementet med fagekspertise gjennom saksførebuing og deltaking på desse arenaene. Særleg gjeld dette eHealth Network (inkludert undergrupper for semantisk og teknisk samhandlingsevne), og Nordisk ministerråds e-helsegruppe, der Helse- og omsorgsdepartementet har formannskapet og direktoratet har sekretariatsrollen i perioden 2021-2023. Direktoratet leier også undergruppa Nordic Standardization Group.

Det nordiske samarbeidet har stått sentralt i den norske e-helseutviklinga lenge, og det europeiske samarbeidet har vorte meir framstående dei seinare åra. EU har tydeleggjort ambisjonar for e-helse om å ta ei global leiroll i den datadrivne økonomien og innan kunstig intelligens. For å støtte dette, skal EU utvikle ein indre marknad for data for å styrkje sikkerheita og kontroll av data til innbyggjarar – eit europeisk fellesområde for helsedata. Direktoratet for e-helse bidreg inn i samarbeidsprosjektet Towards the European Health Data Space (TEHDAS) - som skal støtte opp om det europeiske lovforslaget om European Health Data Space (EHDS). Direktoratet deltek også inn i tilsvarande nordisk samarbeid om helsedata, Nordic Commons. Direktoratet følgjer også utviklinga av den europeiske infrastrukturen for deling av pasientopplysningar (eHealth Digital Service Infrastructure – eHDSI) tett, og har i 2021 gjort ei fagleg vurdering av om Noreg bør kople seg til infrastrukturen.

Det er viktig for direktoratet som fagstyresmakt å ha innsikt i den internasjonale utviklinga innan e-helse. Internasjonalt samarbeid gir oss moglegheita til å dele norsk fagkunnskap og påverke utviklingsretninga internasjonalt. Samtidig er internasjonal erfaring viktig innsikt i arbeidet med den nasjonale e-helsesatsinga.

Direktoratet for e-helse har i 2021 styrkt det strategiske planarbeidet for e-helse internasjonalt. Innanfor områda helsedata og samhandling er målet for Noreg å vere ein sentral påverkar av e-helseutviklinga internasjonalt. Innan områda legemiddel, kunstig intelligens, persontilpassa medisin og sikkerheit blir utviklinga følgd tett. Direktoratet har etablert ein intern nettverksarena der internasjonal kunnskap om e-helse blir sett i kontekst og vidareformidla. Det er etablert ein prosess for å sikre internasjonalt perspektiv på kunnskapsgrunnlaga og leveransane til direktoratet, og for aktivt å ta stilling til internasjonale finansieringsmoglegheiter for e-helse gjennom EUs finansieringsprogram EU4Health og DIGITAL.

Tverrsektorielt arbeid

Digitaliseringsstrategi for offentlig sektor 2019–2025²⁴ gir tydelege mål om at offentlig sektor skal setje brukaren i sentrum og lage gode samanhengande tenester. Forventningane innbyggjarane har til samanhengande tenester aukar. Forvaltninga må levere betre tenester til innbyggjarane og næringslivet, og skape ein meir effektiv offentlig sektor. Dette krev samarbeid på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Direktoratet varetek i samsvar med hovudinstruksen tverrsektorielt samarbeid om digitalisering av offentlig sektor på vegner av sektoren²⁵.

Direktoratet for e-helse er medlem i forumet Styring og koordinering av tenester i e-forvaltning (Skate) som er eit strategisk samarbeidsråd og rådgivande organ til Digitaliseringsdirektoratet og

²⁴ [Én digital offentlig sektor - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

²⁵ [Hovedinstruks for Direktoratet for e-helse](#)

kommunal- og distriktsministeren. Organet er samansett av toppleiarar frå offentlege verksemder. Skate skal bidra til ei samordna digitalisering av offentlig sektor som gir gevinstar for innbyggjarane, næringslivet, frivillig sektor, og offentlege verksemder. Skate har ei aktiv rolle knytt til digitaliseringsstrategien for offentlig sektor, gir råd og er pådrivar i saker som er viktige for tverrgåande digitalisering og felles økosystem for nasjonal digital samhandling og tenesteutvikling, og gir dessutan råd om sentrale tverrgåande strategiar, tiltak og investeringar på IKT-området. Skate leverte blant anna i desember 2021 «Skates råd om tverrsektoriell styring» til Kommunal- og distriktsdepartementet. Direktoratet for e-helse deltek også i Skate AU (arbeidsutval) som bidreg til strategiske saker til Skates agenda og følgjer opp Skates portefølje av tiltak.

Direktoratet for e-helse har delteke i fleire tverretatlege arbeidsgrupper i regi av Digitaliseringsdirektoratet og Skate, som for eksempel vidareutvikling av nasjonalt økosystem, styrings- og finansieringsmodellar for fellesløysingar, vurderingar knytt til Schrems II-dommen og felles høyringsfråsegner for å sikre digitaliseringsvennleg regelverksutvikling. Direktoratet deltek i Livshendinga alvorleg sjukt barn. Direktoratet for e-helse er også medlem i Digitaliseringsrådets Arkitektur- og standardiseringsråd.

Direktoratet for e-helse vurderer årleg om det er tiltak som bør søkje Medfinansieringsordninga eller Stimulab frå Digitaliseringsdirektoratet. Direktoratet for e-helse fekk i 2021 medfinansieringsmidlar til prosjektet «Pilot Pasientens legemiddelliste» og prosjektet «Velferdsteknologisk knutepunkt»

Standardisering

Direktoratet for e-helse har gjennomført fleire tiltak for å styrkje samarbeidet mellom styresmakt, verksemder, næringslivet, forskning og forbrukarar om bruk av internasjonale standardar.

Direktoratet har gjennomført ei fagleg vurdering om norsk deltaking i europeisk infrastruktur (eHDSI26) for utveksling av pasientopplysningar på tvers av landegrenser. Den faglege vurderinga vart utarbeidd basert på ein behovsanalyse hos aktuelle aktørar i sektoren. Tilrådinga vart oversend til Helse- og omsorgsdepartementet 8. desember 2021. Ei tilknytning til eHDSI vil auke Noregs digitale beredskapsevne ved framtidige helsekriser, auke pasientsikkerheita og gi gode moglegheiter for innovasjon og næringsutvikling hos norske aktørar.

Gjennom EU eHealth Network (eHN) sine undergrupper for semantisk og teknisk samhandlings-evne, har direktoratet vore med i utviklinga av EU Digital COVID Certificate (DCC) under pandemien. Dette inkluderer spesifisering av felles informasjonsmodellar, kodeverk og terminologi og format/syntaks. DCC vart godkjent i EU-parlamentet i mai og tilgjengeleg i Europa i juli 2021. Erfaringane frå det europeiske arbeidet er tekne med i det nordiske standardiseringssamarbeidet, for ei felles erfaringsutveksling og forslag til aktivitetar for auka nordisk samarbeid. Resultatet vil bli publisert i ein rapport tidleg neste år frå Nordisk ministerråds undergruppe Nordic Standardization group. Rapporten identifiserer fleire område der det er relevant med tettare nordisk samarbeid i europeisk og internasjonal standardisering. Direktoratet leier denne undergruppa i perioden 2021-2022.

Det har vorte ei auka deltaking i Standardiseringsutvalet²⁷ blant aktørar i sektoren, fleire leverandørar er no fast representerte i utvalet. Gjennom Standardiseringsutvalet blir det delt erfaringar med bruk av internasjonale standardar i sektoren, dette gir auka involvering og føreseielegheit. For å vidareutvikle sektorsamarbeidet er det gjennomført ei kartlegging av internasjonale erfaringar knytt til samarbeid, ansvarsmodellar og bruk av informasjonsmodellar,

²⁶ [The eHealth Digital Service Infrastructure \(eHDSI\)](#)

²⁷ [Standardiseringsutvalget for internasjonale e-helsestandarder](#)

standardar og kodeverk/terminologi som beskrive i Plan for internasjonale standardar²⁸. Direktoratet har vidareført komitéleiarrolla og deltaking i Standard Norges komité for ISO- og CEN-standardar innan helseinformatikk. Det er etablert ei eiga faggruppe for Genomics. Direktoratet har også vidareført deltaking i HL7 Noreg sitt FHIR Fagforum²⁹, og delteke i det internasjonale FHIR-arbeidet gjennom HL7 International.

Kodeverk og terminologi

Direktoratet for e-helse har leiar og ansvar for WHO's nordiske collaborating center for klassifikasjonar (NordClass). Nytt i 2021 er at Finland offisielt fornya samarbeidet etter å ha vore utanfor i nokre år. Direktoratet for e-helse deltek i to komitear i WHO's arbeid med kodeverk. Formål med det internasjonale arbeidet er å leggje grunnlag for samanliknbare helsedata gjennom utvikling av kodeverk. I dette arbeidet har ICD (International Classification of Diseases) ei særstilling. Direktoratet deltek også innanfor internasjonalt og nordisk samarbeid om laboratoriekodeverk og i den internasjonale klassifikasjonskomitéen for kodeverk i primærhelsetenesta (WICC).

Innanfor terminologi deltek Direktoratet for e-helse i SNOMED International, der 43 land til no er medlemmer. Direktoratet for e-helse deltek i Member Forum for fagleg utvikling av terminologi, og har rolla som nestleiar for generalforsamlinga (General Assembly). Direktoratet har dialog med andre medlemsland for å innhente erfaringar frå terminologiarbeid.

Greie ut og foreslå nasjonale e-helsestrategiar, -planar og tiltak

Nasjonal e-helsestrategi³⁰ er i samarbeid med sentrale aktørar i helse- og omsorgssektoren etablert som ein felles strategi. Den skal angi felles retning og mål for digitalisering og korleis dette bidreg til å realisere overordna helse- og omsorgspolitiske mål. Strategien skal vere førande for vegval og prioriteringar for helse- og omsorgssektoren innan digitalisering.

Eksisterande nasjonal e-helsestrategi gjeld ut 2022. Arbeidet med ny nasjonal e-helsestrategi, gjeldande frå 2023, blir gjennomført i 2021 og 2022. Strategien skal bli tydelegare og dermed gi eit betre utgangspunkt for prioritering og sikre ei heilskapleg og i størst mogleg grad forpliktande e-helseutvikling. Den skal leggje grunnlaget for ei utvikling som set innbyggjar, pasient og pårørande i sentrum og bidreg til å gi helsepersonell ein enklare arbeidskvardag.

Nasjonal e-helsestrategi skal vere kunnskapsbasert, og i 2021 vart kunnskapsgrunnlaget, som fundament for mål- og strategiutviklinga, ferdigstilt. Kunnskapsgrunnlaget består av ein nosituasjonsanalyse og ein scenarioanalyse, og hovudfunna er å finne på ehelse.no. I tillegg kan kunnskapsgrunnlaget i sin heilskap lastast ned frå denne sida. Arbeidet har vore basert på brei involvering frå sektoren. Om lag 60 ulike organisasjonar som representerer ulike delar av helse- og omsorgssektoren, har vore involverte³¹, deriblant pasient- og brukarforeiningar, helsepersonell, forskingsmiljø og næringsliv. Dette bidreg til at den nye strategien er tufta på kunnskapen til dei som kjenner behova best.

Arbeidet med sjølve mål- og strategiutviklinga er godt i gang. Forslag til ny e-helsestrategi skal etter planen sendast på høyring i slutten av mai 2022 og endeleg ferdigstillast i desember 2022. Nasjonal styringsmodell for e-helse er sentral i mål- og strategiutviklinga.

²⁸ [Plan for internasjonale standarder 2021 – 2024](#)

²⁹ [Informasjon om FHIR Fagforum](#)

³⁰ [Nasjonal e-helsestrategi](#)

³¹ [Liste over inviterte til arbeidet med kunnskapsgrunnlaget til ny e-helsestrategi](#)

Når ny strategi er vedteken, skal strategien takast i bruk av heile helse- og omsorgssektoren og følgjast opp gjennom ein kontinuerleg prosess. Strategien skal vareta samspelet mellom langsiktig retning og endringar i behov og nye løysingar gjennom gode rutinar for måling og justering. Med utgangspunkt i felles retning, tydelege mål med KPI-ar og tilhøyrande tiltak, skal gode styrings- og oppfølgingsmekanismar vidareutviklast og gi moglegheit til å justere mål og tiltak undervegs i åra framover. Her står blant anna eit vidareutvikla nasjonalt vegkart for e-helseløysingar og nasjonal styringsmodell for e-helse sentralt. Dette arbeidet skal også sjåast i samanheng med utvikling av andre strategiske planar for blant anna område som legemiddel, digital sikkerheit og innbyggjar og helsepersonell.

Sikre ein konsensusbasert styringsmodell for e-helse med brei sektordeltaking som skal gi direktoratet råd i saker om nasjonale e-helsetiltak og andre e-helsetiltak med nasjonal betydning

Formålet med nasjonal styringsmodell for e-helse er å styrkje gjennomføringsevna på e-helseområdet gjennom å samle dei sentrale aktørane i helse- og omsorgssektoren om felles behov, utviklingsretning, innsats og måloppnåing.

Totalt vart det gjennomført 15 møte i dei nasjonale utvala, fire i NUFA, fem i NUIT og seks i nasjonalt e-helsestyre. Det har ikkje vore endring av aktørar som er representerte i utvala i 2021.

Dei mest sentrale sakene som har vore til behandling i styringsmodellen i 2021 er arbeidet knytt til ny nasjonal e-helsestrategi og strategi for digital sikkerheit i helse- og omsorgssektoren. Vidareutvikling av nasjonal styringsmodell og kriterium for innmelding til nasjonal portefølje har også vorte behandla i fleire møte. I tillegg har det sentrale styringsdokumentet for digital samhandling steg 2 vore til behandling i styringsmodellen, der innretninga var prioritering av omfang, gjennomføringsstrategi og styringsmodell for tiltaket.

Føre ein systematisk og offentleg oversikt (portefølje) over e-helsetiltak med nasjonal betydning og leggje til rette for nasjonal samordning og prioritering

Ei samhengande helse- og omsorgsteneste føreset auka nasjonal koordinering, styring av e-helseutviklinga og felles innsats om nasjonale digitaliseringstiltak. Nasjonal porteføljestyling er etablert som del av styringsmodellen og gjer det mogleg å jobbe tett saman om felles mål og planar.

Gjennom ei aktiv og felles nasjonal porteføljestyling av e-helsetiltak blir heile helse- og omsorgssektoren involvert.

Nasjonale porteføljestyling har i 2021 vorte vidareutvikla på fleire område:

- Nye kriterium blir nytta for innmelding og vurdering i nasjonal portefølje. Kriteria dekkjer e-helsetiltak i helse- og omsorgstenesta som krev koordinering eller samstyring på tvers av fleire aktørar
- Porteføljen blir inndelt i segment med ulike rapporteringsmengd
- Eit porteføljeverktøy for strukturert rapportering er teke i bruk

Før endeleg vedtak vart utprøving av kriterium, segment og verktøy gjennomført med gode tilbakemeldingar i samarbeid med sektor i 2021. Segmenta gjer at rapportering kan fokusere mest på tiltak som krev koordinering og samstyring på tvers av fleire aktørar. Verktøyet forenkler rapporteringa og gir nye moglegheiter til å sjå trendar og utfordringar i porteføljen og samanhengar til delar av vegkartet.

Det har i 2021 vorte utarbeidd tre statusrapportar på nasjonal e-helseportefølje og ein ny forvaltningsversjon av vegkart for utvikling og innføring av nasjonale e-helseløysingar:

- Nasjonal e-helseportefølje februar 2021
- Nasjonal e-helseportefølje mai 2021
- Nasjonal e-helseportefølje november 2021
- Vegkart for utvikling og innføring av nasjonale e-helseløysingar 2022 – 2026 november 2021

Utvikle, formidle og halde ved like nasjonale rettleiarar og retningslinjer om standardar, kodeverk, klassifikasjonar, terminologi, arkitektur, informasjonssikkerheit mv.

Normerende produkt

Direktoratet for e-helse publiserer normerende produkt som gir tilrådingar og set krav til sektoren. Desse er delt inn i fire nivå: rettleiar, retningslinje, anbefalt standard og obligatorisk standard³².

Formålet med dei normerende produkta til direktoratet er å:

- Sikre einskapleg digital samhandlingsevne i og med helse- og omsorgstenesta
- Bidra til effektive, trygge og samanhengande pasientforløp
- Gi føreseielegheit for verksemdar og leverandørmarknaden

I 2021 oppdaterte Direktoratet for e-helse 18 e-helsestandardar, medan sju tekniske spesifikasjonar endra normeringsnivå frå retningslinje til anbefalt standard. I tillegg vart fem nye produkt publisert, som vist i tabellen under.

Tabell med oversikt over Nye normerende produkt i 2021

Produkt	Beskriving
Krav til elektronisk meldingsutveksling	Nytt normerende produkt som gir oversikt over sentrale krav til verksemdar som bruker elektroniske meldingar for å samhandle. Krava vil bidra til å sikre at meldingar kjem fram til rett mottakar, til rett tid og med korrekt innhald.
Metode for utvikling av HL7 FHIR områdeprofilar	Ny rettleiar som beskriv ein metode for korleis norske områdeprofilar for HL7 FHIR skal utviklast, normerast og vedlikehaldas. Metoden er ein open og smidig prosess som skal sikre at profilane held høg kvalitet og blir forankra hos alle relevante aktørar i sektoren.
Nasjonal spesifisering for metadata om helsedata	Revidert dokument som beskriv korleis metadata frå sentrale helseregister, nasjonale medisinske kvalitetsregister og befolkningsbaserte helseundersøkingar skal dokumenterast og eksporterast til Nasjonal variabelkatalog.

³² [Forvaltningsmodell for normerende produkter fra Direktoratet for e-helse](#)

Målarkitektur for datadeling i helse- og omsorgssektoren	<p>Målarkitekturen beskriv kva eigenskapar og funksjonar som er nødvendige å få på plass for å oppnå datadeling i sektoren, og dessutan kva felleskomponentar som sektoren ønskjer skal etablerast/vidareutviklast.</p> <p>Målarkitekturen er eit viktig steg for å opne for deling av strukturerte helseopplysningar mellom verksemder som yter helsehjelp og gi pasientar ei meir heilskapleg oppfølging på tvers av helsetenesta.</p>
Internasjonale standardar for legemiddelinformasjon	<p>Beskriv kva internasjonale standardar som finst på legemiddelområdet og gir tilrådingar om korleis desse skal brukast.</p> <p>Rettleiaren dekkjer internasjonale standardar for dokumentasjon og deling av legemiddelinformasjon mellom aktørar og system.</p> <p>Dokumentet er i høyringsprosess.</p>

Forskrift om standardar og nasjonale e-helseløysingar

Forskrift om standardar og nasjonale e-helseløysingar vart oppdatert 1. juli 2021. Direktoratet har støtta Helse- og omsorgsdepartementet med underlag til avgjerd om kva standardar som skulle takast inn i forskrifta ved denne oppdateringa. Dette inkluderte avklaringar av administrative og økonomiske konsekvensar for aktørane. Det vart også formidla status på nasjonale innføringsprosjekt for standardar som var planlagde forskriftsfesta.

Fire standardar vart tekne inn i forskrifta ved denne oppdateringa og ti vart tekne ut.

Referanse katalogen

Direktoratet for e-helse gir ut Referanse katalogen for e-helse med heimel i forskrift om standardar og nasjonale e-helseløysingar § 7.

Katalogen inneheld informasjon om standardar som skal følgjast av verksemder i helse- og omsorgstenesta. Den gir oversikt over kva standardar som skal brukast av kven og til kva formål. Katalogen inneheld primært standardar som Direktoratet for e-helse forvaltar, men også e-helsestandardar som er eigde av andre, som for eksempel NAV, Helfo og Folkehelseinstituttet. Den er ei viktig kjelde til informasjon for verksemder og leverandørar i helsetenesta.

Per i dag er innhaldet i Referanse katalogen for e-helse tilgjengeleg frå ei temabasert oversiktsside³³ på ehelse.no og ei eiga søkeside for standardar.³⁴ Søkesida vart utvikla i 2021. I 2021 var det ca. 20 000 oppslag i standardar i referanse katalogen.

³³ [Referanse katalogen](#)

³⁴ [Søkeside for standarder](#)

Fakta om referansekatalogen i 2021

- 144 standardar er oppførte i katalogen pr. 31.12.2021
- 10 standardar vart tekne ut pga. endringar i forskrift om standardar og nasjonale e-helseløysingar
- 4 standardar har fått endra normeringsnivå frå tilrådd til obligatorisk standard pga. endringar i forskrift om standardar og nasjonale e-helseløysingar
- 7 dokument har fått endra normeringsnivå frå retningslinje til anbefalt standard

Kodeverk

Direktoratet for e-helse eig og har ansvar for ti nasjonale helsefaglege kodeverk³⁵. Dei helsefaglege kodeverka er innanfor diagnosar, prosedyrar og laboratoriefag.

Det er gitt ut to ekstraordinære versjonar av Norsk laboratoriekodeverk knytt til nye mutasjonar i koronaviruset. Oppdateringa av andre kodeverk tok inn etterslep frå første pandemiåret 2020. E-læringskursa i medisinsk koding er oppdaterte i samsvar med reviderte kodeverk. Nytt av 2021 er regelmessige nyheitsbrev for oppdateringar av kodeverk på volven.no.

Det er teke i bruk nytt forvaltningsverktøy (HealthTerm). Formålet med verktøyet er einskapleg og kvalitetssikra forvaltning av informasjonselement, og å få på plass ei autoritativ kjelde til nasjonale kodeverk.

Terminologi

Ny retningslinje for SNOMED CT vart publisert med tilråding: SNOMED CT skal vurderast brukt som helsefagleg terminologi ved innkjøp eller vidareutvikling av e-helseløysingar med behov for terminologi. Norsk redaksjonsutval for omsetjing av SNOMED CT er etablert. Utvalet er ei tverrfagleg gruppe som skal bidra til høg kvalitet på omsetjinga.

Norsk senter for helsefagleg terminologi er styrkt med ytterlegare fire tilsette. Senteret har i løpet av året delteke på ei rekkje møte for å informere om SNOMED CT og Felles språk som eit resultat av eit aukande informasjonsbehov i helsesektoren på dette feltet.


³⁵ ehelse.no/kodeverk

Ressursfordeling og resultat

Ca. 74 % av forbruket i 2021 knytter seg til utvikling av dei store programma som Helsedataprogrammet, Program digital samhandling, digitalisering av legemiddelområdet, modernisering av Folkeregisteret i helse- og omsorgssektoren (MF Helse) og dessutan Program for kodeverk og terminologi. Resten er i hovudsak brukt på oppgåver i samband med styresmaktsrolla til direktoratet. Arbeidet knytt til styresmaktsutøving omfattar standardisering, kodeverk og terminologi, nasjonal styringsmodell, norm for informasjonssikkerheit, juridiske vurderingar og høyringssvar.


Tildeling og driftsutgifter

Tildelingar over statsbudsjett var på 1218,5 mill. kr. i 2021. Sjå diagrammet nedanfor for fordeling per kapittel og post.



Kapittelpost 701.21 er totalt på 873,3 mill. kr. Dette er inklusivt eit inntektskrav på 53,9 mill.kr. (kapittel og post 3701.02) og avgitte belastningsfullmakter på 0,5 mill. kr.

Diagrammet under viser driftsutgiftene fordelt på hovudpostar:



**Består hovudsakleg av kjøp av tenester til programoppgåver på øyremerkde midlar.*

Direktoratet for e-helse har behov for konsulentar særleg i samband med fleire større prosjekt. Bruk av konsulentar er eit supplement til egne tilsette for å sikre at Direktoratet for e-helse har tilgang til spisskompetanse og fleksibilitet i forhold til at både mengd og type oppgåver blir endra frå år til år.

Det blir vist til kommentaren frå leiinga i del 6 *Årsrekneskapen* for nærare forklaringar og vurderingar av vesentlege forhold ved årsrekneskapen til direktoratet.

4 Styring og kontroll i verksemda

Verksemdsstyring omfattar strategi, styring, leiing og kontroll. Styrande dokument som hovudinstruks, verksemdsstrategien til direktoratet, mål i tildelingsbrev, den definerte endringsagendaen til direktoratet og årlege verksemdsplanar, er grunnlaget for styring og kontroll.

Direktoratet har etablert prosessar for planlegging, gjennomføring og oppfølging av mål og resultatkrav gitt i dei styrande dokumenta. Verksemdsstyringa blir følgt opp gjennom tertialvis rapportering, og dessutan via gjennomgangen til leiinga av sikkerheit og personvern i byrjinga av det etterfølgjande året. Risikostyring blir gjennomført på ulike nivå, og dessutan i porteføljen i direktoratet. Det har vore gjennomført ei overordna risikovurdering på verksemdsnivå. Det er fastsett at ein skal jobbe med å vidareutvikle den heilskaplege risikostyringa i verksemda i 2022. Dette arbeidet vil ha prioritet.

Internkontrollen til direktoratet er basert på fire forsvarslinjer der førstelinje eig og handterer risiko og utfører daglege kontrollhandlingar for å redusere risiko. Andrelinje utformar kontrollhandlingar i bl.a. styrande dokument og følgjer opp etterlevinga. Tredjelinje skal gi ei uavhengig stadfesting på utforming og etterleving og bidra til forbetringar. Tredjelinje blir utført av vår internrevisjon. Fjerdelinje blir utført av Riksrevisjonen og andre relevante tilsynsstyresmakter.

I andre forsvarslinje har det vore gjennomført internkontroll blant anna av innkjøpsområdet, personvern og sikkerhetsområdet i 2021. Ved oppstarten av 2022 går det føre seg internkontroll av HMS, arkiv-området og innkjøp.

I tredje forsvarslinje har direktoratet ein etablert internrevisjon. Internrevisjon gir ei vurdering av styring og kontroll basert på observasjonar i samtalar med leiargruppe, tilsette, eiga risikovurdering, revisjonar som går føre seg, og i den løpande informasjonen dei har tilgang til (som etterspurde dokument, leiarmøte og offentleg tilgjengeleg informasjon). IIA-standardane blir lagt til grunn i arbeidet til internrevisjonen.

Internrevisjonen har for 2021 utarbeidd ein risikobasert revisjonsplan. Årsplanen blir vurdert og revidert kvartalsvis. Det vart gjennom året gjort justeringar på planen og ein revisjon vart utsett til gjennomføring i 2022. Denne revisjonen vart erstatta med ein ny. Alle observasjonar frå revisjonane er presentert, drøfta og forankra med revidert eining og leiargruppa. Innkjøpsområdet er revidert av internrevisor. I tillegg har det vore gjennomført ein sikkerheitsrevisjon av ny arkivløyising. Arbeidet med å revidere risikostyring i program og prosjekt starta i slutten av 2022.

Vurderinga til internrevisoren er at Direktoratet for e-helse er bevisst på kva risikoar som er viktige å handtere, og er villig til å gjere prioriteringar og endringar i organisasjonen for å følgje opp desse. Internrevisor har ikkje opplevd at leiinga har akseptert eit nivå av risiko som er høgare enn det internrevisor vurderer som forsvarleg. Det har gjennom året vore ein god løpande dialog og faste møte mellom direktoratet og internrevisor. Internrevisor er informert løpande om forhold som kan påverke risikobildet, i tillegg til intern styring og kontroll.

Observasjonar og tilrådingar internrevisjonen har presentert i rapportar blir følgt opp på ein tilfredsstillande måte. Etter vurderinga til internrevisor, er direktoratet bevisst på viktigheita av å ha en god kontrollkultur og arbeider aktivt med kontinuerleg forbetring av denne.

I det vidare blir det gjort greie for styring og kontroll på utvalde område i direktoratet.

Porteføljestyring

Direktoratet for e-helse forvaltar store nasjonale digitaliseringssatsingar på vegner av Helse- og omsorgsdepartementet, og organiserer gjennomføringa i program og prosjekt. Desse programma og prosjekta inngår i ei heilskapleg porteføljestyring som er ein viktig del av verksemdsstyringa til direktoratet. Porteføljestyringa følgjer opp alle prosjekt og program på tid, kost, kvalitet, nytte og risiko, og sikrar ei heilskapleg og tverrfagleg tilnærming der økonomi, juss, helsefag og arkitekturstyring inngår. Med dette som utgangspunkt utarbeider porteføljekontoret jamleg ein statusrapport med tilrådingar til tiltak som blir behandla av porteføljestyret. Igangsetjing av tiltak og faseovergangar i program/prosjekt blir følgt opp av porteføljekontoret og blir vedtekne av porteføljestyret. Porteføljestyret er sett saman av den øvste leiargruppa i direktoratet, og dessutan program- og prosjekteigarar. Porteføljekontoret har ein kvalitetssikringsfunksjon til program og prosjekt samtidig som dei støttar og rettleier programleiinga med felles metodikk og verktøy.

Dei største programma i den interne porteføljen til direktoratet var i 2021 Helsedataprogrammet, Program digital samhandling, Program pasientens legemiddelliste, Program kodeverk og terminologi og MF Helse. Som ein del av den formelle styringsdialogen har programma i 2021 rapportert status til etatsstyringsmøta til Helse- omsorgsdepartementet. I styringsdialogen gjer direktoratet blant anna greie for kva tiltak som bør følgjast opp av departementet, og kva direktoratet sjølv følgjer opp. Frå 2022 vil rapporteringa bli gjort i eigne program- og prosjektrapporteringsmøte i Helse- og omsorgsdepartementet i forkant av etatsstyringsmøta.

Direktoratet jobbar løpande med å profesjonalisere porteføljestyringa si, følgjande er eksempel på forbetring av den interne porteføljestyringa i 2021:

- Det er sett i gang arbeid med overordna risikostyring på program- og porteføljnivå. Dette vil bli vidareutvikla.
- Det er sett i gang arbeid med å vidareutvikle nyttestyring som del av prosjektmetodikken i alle fasar av eit prosjekt eller program.
- Det er sett i gang arbeid med å inkludere nye tidleg-fasetiltak i porteføljen til direktoratet. Dette for å bidra til at direktoratet har ein meir balansert portefølje når dagens program og prosjekt etter kvart blir ferdigstilte, og at utgreiingsmetodikk blir etterlevd.

Direktoratet har i 2021 styrkt bemanninga innanfor porteføljekontor og program- og prosjektleiarar, for å sikre fokus på intern kompetansebygging, erstatte konsulent-innleige og profesjonalisering.

Sikkerheit, personvern og beredskap

Direktoratet etablerte i 2020 eit nytt styringssystem for sikkerheit og personvern. I 2021 er det jobba vidare med styrande dokument og operasjonalisering. Personvernombodet og sikkerheitsorganisasjonen har etablert ei formålstenleg fordeling av oppgåver. Operasjonaliseringa av styringssystemet blir koordinert med prosessen som går føre seg for verksemdsstyring. Det er etablert ein prosess for internkontroll av sikkerheit og beredskap og det er gjennomført mange internkontrolltiltak i 2021. Seksjon sikkerheit og beredskap har også hjelpt til med å etablere tilsvarande prosess for verksemdsstyring. Sikkerheitsorganisasjonen har hatt regelmessige møte gjennom året. Alle styrande dokument som skal godkjennast av verksemdsleiar, blir først tatt inn i fagrådet for sikkerheit, beredskap og personvern for gjennomgang og kvalitetssikring. Operasjonaliseringa av styringssystemet vil halde fram utover i 2022, og det vil vere fokus på kontinuerleg forbetring.

Direktoratet har jobba med risikostyring gjennom heile året, og det har vorte gjennomført mange risikovurderingar av system og tenester. Det er etablert eit risikoregister som er under kontinuerleg oppdatering ift. definerte tiltak.

Sikkerheit- og beredskapssjef og personvernombod har gjennomført faste kvartalsvise møte med veksemdsleiar.

Alle nyttilsette har delteke på kurs i sikkerheit, personvern og beredskap. I samband med sikkerheitsmånaden i oktober hadde vi fleire digitale aktivitetar i form av foredrag, innlegg frå direktør og deltakarar i sikkerheitsorganisasjonen, quiz og faglege innlegg, i tillegg til informasjon på skjermar og fysiske plakatar, og dessutan effektar i form av koppar, drikkeflasker og refleksband. I tillegg har det regelmessig vorte lagt ut informasjon om sikkerheit og personvern på samhandlingsverktøyet vårt, Workplace, for å styrkje kompetansen og kulturen i organisasjonen innanfor sikkerheit- og personvernområdet.

Avvik og sikkerheitshendingar blir gjennomgått regelmessig for å sikre at restavvik er fjerna, og for å analysere rotårsak og vurdere om det er behov for ytterlegare tiltak. Direktoratet for e-helse jobbar kontinuerleg med å sikre gode rutinar for hendingshandtering og beredskap i heile livssyklusen til tenestene, programma og prosjekta våre.

Planverket til direktoratet for beredskap blir oppdatert kontinuerleg. Direktoratet for e-helse deltok i Nasjonal Helseøving 20 og gjennomførte i den samanheng ei intern beredskapsøving med eit scenario om cyberangrep mot Helsedataservice i januar 2021. Direktoratet har beskrive dei verksemdskritiske tenestene og prosessane sine med detaljar rundt ressursbehov og tilgjengelegheitskrav til tenestene. Dette er eit godt grunnlag for verdivurdering og prioritering av dei verksemdskritiske tenestene våre som vi vil jobbe vidare med i 2022.

I Direktoratet for e-helse er det høgt medvit om personvern i arbeidet til direktoratet ut mot sektoren og i rolla som databehandlar for personopplysningar frå helseregister. Direktoratet er bemanna med høy fagkompetanse for å vareta desse oppgåvene. I rolla som behandlingsansvarleg på andre område (dataansvarleg utanfor helselovgivinga), er nok Direktoratet for e-helse meir samanliknbart med andre forvaltningsorgan når det gjeld ressursar til og medvit om personvernrelaterte oppgåver. Godt samarbeidsklima og eit ISMS som blir tilpassa i tråd med behova, gir gode grunnføresetnader for å jobbe vidare med personvern internt i direktoratet og styrkje dette arbeidet.

Det har vore tre innmelde avvik knytt til personvern. Ingen av desse har ført til at personopplysningar har komme på avvegar til personar utan teieplikt. Ingen av avvika har medført risiko for personvernet som har gitt grunnlag for å melde dei til Datatilsynet.

Det har vore gjennomført to direktørmøte med Datatilsynet i 2021. I desse møta blir det utveksla informasjon om aktivitetar som går føre seg, og problemstillingar kan drøftast.

I 2021 har konsekvensane av Schrems II-dommen kravd mykje merksemd. Framdrifta på arbeidet med rutinar, rettleiing, internkontroll og kvalitetssikring knytt til personvern har dermed gått treigare enn ønskjeleg. Dette arbeidet vil ha auka fokus i 2022.

Økonomi

Direktoratet for e-helse er fullservicekunde av Direktoratet for økonomistyring (DFØ) for rekneskap, lønn og reiseadministrasjon.

Det blir utarbeidd månadlege økonomirapportar som inneheld rekneskap, budsjett og prognose, og dessutan utvalde nøkkeltal som timeforbruk, konsulentandel og årsverk. Rapporten blir samanstillt på direktoratsnivå og behandla i leiarmøtet. Alle kostnadsleiarar har tilgang til rapportar i DFØs rapporteringssystem Økonomi info. I tillegg blir det utarbeidd rapportar på divisjon og avdelingsnivå for ulike behov.

Direktoratet for e-helse skal ha ein rekneskap med høg kvalitet som synleggjer den faktiske kostnaden både på kostnadsstader og prosjekt. I tillegg til å følgje opp divisjonar og avdelingar nyttar direktoratet ein økonomimodell som gjer at prosjekt og aktivitetar kan følgjast opp på faktisk ressursbruk. Dette gir god styringsinformasjon til leing og prosjektleiarar, slik at dei er i stand til å gjere gode prioriteringar og ta gode avgjerder.

Det blir i tillegg arbeidd med å forbetre oppfølging og rapportering på hovudmål og delmål som er fastsett for kommande periode, og dessutan rapportering på andre verksemdsstyringsaktivitetar.

Direktoratet for e-helse har ein høg andel e-faktura (EHF). I 2021 var 93 % av mottekne fakturaer i Direktoratet for e-helse elektroniske.

Innkjøp

Direktoratet for e-helse har i 2021 vidareført arbeidet med å forbetre praksis på innkjøpsområdet. Det er gjennomført ein internrevisjon av innkjøpsområdet i andre kvartal 2021 og ein intern risiko- og sårbarheitsanalyse i tredje kvartal 2021. Saman med tilrådingane frå Riksrevisjonen i deira undersøking av innkjøp av konsulenttenester i Direktoratet for e-helse (vedlegg 4 til dokument 3:14 /2020-2021), har dei interne revisjonane danna grunnlag for ein handlingsplan for forbetring av praksis på innkjøpsområdet, med 34 konkrete tiltak.

Den sentrale innkjøpsfunksjonen i direktoratet er flytta organisatorisk og styrkt. Det er etablert eit team innkjøp i avdeling juss og informasjonssikkerheit, som rapporterer direkte til avdelingsdirektør. I løpet av første kvartal 2022 vil dette teamet ha tre fulltidstilsette medarbeidarar. Med auka kapasitet og kompetanse vil behovshavarane få meir bistand når innkjøp skal gjennomførast. Samarbeidet med innkjøpsfunksjonen ved felles tenesteseiter for helseforvaltninga i Norsk helsenett SF, er også utvida.

Anskaffelsesstrategi for Direktoratet for e-helse 2021-2023³⁶ er vedteken og ei innkjøpshandbok som dokumenterer korleis innkjøpsprosessar skal gjennomførast, er utarbeidd. Handboka inneheld også oppdaterte og kvalitetssikra retningslinjer og rutinebeskrivingar. Opplæring av tilsette som deltek i innkjøpsarbeid er sett i gang og det interne kunnskapsbiblioteket er oppgradert med juridisk kvalitetssikra rettleiing og oppdaterte malar. Tiltak for betre styring og kontroll av innkjøpsprosessane er også sett i verk. I 2022 vil opplæring av medarbeidarar som er involverte i innkjøp, bli prioritert. Gjennom praktisk erfaring med nye retningslinjer og malar vil behov for ytterlegare rettleiing og kontrolltiltak bli vurdert. Kontinuerleg forbetring er ei målsetjing.

Sjå nærare omtale ovanfor rundt innkjøp i tilknytning til Tillegg til tildelingsbrev nr. 5 Oppfølging av Riksrevisjonens undersøkingar av Éin innbyggjar – éin journal; styring og innkjøp.

³⁶ Anskaffelsesstrategi for Direktoratet for e-helse 2021-2023 er tilgjengeleg [her](#).

Arbeidsmiljø og likestilling

Koronapandemien medførte at dei tilsette jobba heimanfrå store delar av 2021. Leiarane følgde opp gjennom tett ein til ein dialog, og det var møte i arbeidsmiljøutvalet (AMU) nesten kvar månad. Det vart gjennomført årlege HMS-møte og dessutan tre pulsmålingar. Den siste målinga var meir omfattande for å kompensere for at direktoratet ikkje kunne gjennomføre medarbeidarundersøkinga på grunn av forseinkingar i utviklinga av nytt verktøy. Pulsmålinga som vart gjort i november då det var mindre grad av heimekontor, viste ei generell positiv utvikling. Dei aller fleste tilsette er tilfredse og engasjerte i arbeidet sitt. Sjukefråværet var 3,9 % i 2021. Periodevis var arbeidsbelastninga relativt høg.

Inkluderingsdugnaden

Direktoratet skal utvikle rutinar og arbeidsformer for å nå målet til regjeringa om at 5 % av alle nyttilsette skal vere personar med hol i CV eller nedsett funksjonsevne. Tabellen viser status pr. 31.12.2021.

Tal på nyttilsette med oppstart i 2021 (inkl. vikarar og midl. tilsette)	63 personar
Tal på nyttilsette som har kryssa av for nedsett funksjonsevne	2 personar (3,2%)
Tal på nyttilsette som har kryssa av for hol i CV	Ingen
Tal på fast tilsette etter tre-årsregelen med nedsett funksjonsevne/hol i CV	Ingen vart tilsett etter 3-årsregelen
Tal på lærlingar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV	Direktoratet hadde ingen lærlingar
Tal på deltakarar i traineeprogrammet	Direktoratet hadde ingen deltakarar

I handlingsplanen til direktoratet for inkluderingsdugnaden er eitt av tiltaka å nytte trainee-programmet i staten. Hausten 2021 sette vi ein ambisjon om å utlyse minst éi stilling per halvår innanfor programmet, føreset eit framleis høgt rekrutteringstempo. Ei slik stilling vart utlyst i november 2021 og fylt i januar 2022. Vi har også ein ambisjon om å tilby arbeidstrening for ein person via NAV i 2022.

1040 personar søkte ledig stilling i direktoratet i 2021. Ca. 60 av desse (5,8 %) var i målgruppa for inkluderingsdugnaden. (41 søkjarar oppgav hol i CV og 19 oppgav nedsett funksjonsevne. Enkelte kryssa av i begge kategoriar). Direktoratet opplever å ha gode rutinar for å vurdere søkjarane i målgruppa, og fleire har vorte kalla inn til intervju. To av 63 nyttilsette var i målgruppa for inkluderingsdugnaden i 2021, og vi nådde dermed ikkje 5 %-målet.

Auke talet på lærlingar i offentlege verksemder

I samarbeid med opplæringskontoret for statlege verksemder i Oslo og Akershus vart det i 2017 vurdert om direktoratet kunne ta inn lærlingar. Konklusjonen vart at direktoratet ikkje kunne godkjennast som lærebedrift innan faga som vart anbefalte. Vi reknar med at forholda som gjer at direktoratet ikkje kunne godkjennast som lærebedrift, er uendra. For IKT servicefag har vi framleis ikkje intern IT-brukarstøtte, då vi kjøper denne tenesta frå Norsk helsenett SF. Når det gjeld kontor- og servicefag, kjøper vi også tenester frå Norsk helsenett SF. Vi har i tillegg ikkje sentralbord, resepsjon eller anna forkontorarbeid som er ein stor del av opplæringsplanen innan kontor- og servicefag. Vi kan derfor ikkje bidra med tilfredsstillande opplæring på desse områda. I 2022 kan det gjerast ei vurdering av om andre fag kan vere aktuelle for å bli godkjent som lærebedrift.

5 Vurdering av framtidsutsikter

I 2021 utarbeidde Direktoratet for e-helse eit kunnskapsgrunnlag som fundament for ny nasjonal e-helsestrategi gjeldande frå 2023. Kunnskapsgrunnlaget har til hensikt både å kartleggje nosituasjonen for digitalisering i helse- og omsorgssektoren, men også å kartleggje omgivnadene og framtidig utvikling som vil ha betydning for den vidare utviklinga av e-helseområdet.

Kunnskapsgrunnlaget³⁷ består av ein nosituasjonsanalyse og ein scenarioanalyse for e-helseområdet i Noreg. Kunnskapsgrunnlaget er arbeidd fram gjennom analysar av politiske dokument, forskingsrapportar, utgreiingar og rapportar, og dessutan ein serie arbeidsmøte og intervju med representantar frå sektoren, inkludert næringsliv og forskingsmiljø innan e-helse og teknologi.

Hovudfunna frå nosituasjonsanalysen er oppsummert i styrkar og svakheiter internt i helse- og omsorgssektoren og moglegheiter og truslar i omgivnadene. Styrkane og moglegheitene er det viktig å dra nytte av og utforske vidare. Svakheitene og truslane er det viktig å forbetre og redusere konsekvensane av. Fleire av dei interne faktorane som kjem fram i analysen, er godt kjende frå før, men analysen i seg sjølv har ein verdi ved å sette det i system og samanheng. Desse faktorane vil ha innverknad på evna til Direktoratet for e-helse til å oppfylle mandatet sitt i tida framover.

Styrkane direkte knytt til e-helseområdet, er vurdert til å vere nasjonale plattformer og samordna initiativ som det er viktig å byggje vidare på, i tillegg til at det blir samla inn og generert store mengder helsedata og at innbyggjarar og internt i sektoren har ein generell god digital kompetanse. På den positive sida har pandemien bidrege til erfaringar og endringskompetanse som det er viktig å dra nytte av knytt til digitalisering i sektoren.

Svakheiter eller utfordringar som blir trekte fram i analysen, er den fragmenterte avgjerdsstrukturen som gjer koordinering og gjennomføring av digitale tiltak krevjande. Vidare er det utfordrande å samlast om felles retning og prioritering. Eksisterande finansieringsmodellar og regelverk støttar ikkje tilstrekkeleg opp under digital transformasjon. Det er tidvis for låg gjennomføringsevne knytt til innføring av nye digitale løysingar, og teknisk gjeld avgrensar digitaliseringsmoglegheitene. Det er utfordrande å dele og få tilgang til data på tvers i sektoren, og dagens digitale løysingar er ikkje tilstrekkeleg tilpassa forventningar og behov hos innbyggjarar og helsepersonell. Innovasjon og tilpassingsmoglegheiter er avhengig av ein berekraftig leverandørmarknad.

Demografiske endringar og press på offentlege finansar kan medføre auka endringsvilje på e-helseområdet. Innbyggjarane opptre i aukande grad som aktiv deltakar både som pasient, pårørande og innbyggjar, og dei tek generelt større ansvar for eiga helse. Ei akselererande teknologiutvikling og auka bruk av teknologi gir moglegheiter til betre helse og helsehjelp. Det er potensiale for auka innovasjon ved å byggje økosystem med aktørar frå forskning og næringsliv. Samtidig er det stort tilfang av interne og eksterne datakjelder, og vi ser også auka tverrsektorielt og internasjonalt samarbeid som vil kunne bidra positivt i digitaliseringsarbeidet.

Scenarioanalysen som ein del av strategiarbeidet er ein måte å handtere usikkerheit på, og formålet med analysen er å gjere strategien robust for endringar i omgivnadene. Analysen prøver å belyse kva ressursar vi uansett bør ha for å lykkast med den digitale transformasjonen av sektoren og kva nye moglegheiter eller utfordringar som utspelar seg når ein ser på digitalisering av helse- og omsorg i eit 2035-perspektiv. Det vi ser er at kompetanse hos innbyggjarar og helsepersonell,

³⁷ [Kunnskapsgrunnlag ny nasjonal e-helsestrategi fra 2023](#)

personvern og informasjonssikkerheit, enkle og brukarvennlege digitale verktøy, felles teknologikomponentar for effektiv datadeling og felles retning for digitalisering i helse og omsorgssektoren er område av avgjerande betydning i analysar om framtida dersom vi skal lykkast med digitaliseringa. I tillegg kjem det i scenarioanalysen fram ei rekkje nye moglegheiter som vil bli utforska i det vidare strategiarbeidet, og i arbeid med trendar og utviklingstrekk i direktoratet. Dette er moglegheiter som nye roller for helsepersonell, innbyggjarar og pårørande som følgje av auka digitalisering, innovasjonsmoglegheiter innan personvern og informasjonssikkerheit, næringsutvikling og samarbeid med private aktørar, moglegheit for auka spesialisering og meir førebygging, auka utnytting av teknologi til avgjerdsstøtte, tenkje nytt omkring helse som følgje av det grønne skiftet og berekraftsutfordringar i samfunnet, kvalitetsheving i helsetenesta og stimulere til ein rikare leverandørmarknad. Dette meiner direktoratet er område som vil påverke utviklinga av e-helseområdet fram mot 2035.

6 Årsrekneskap

Kommentarar frå leiinga

Formål

Direktoratet for e-helse er eit fagdirektorat og styresmaktsorgan som vart oppretta i 2016, og er underlagt Helse- og omsorgsdepartementet. Vår visjon er eit enklare Helse-Noreg. Vårt samfunnsoppdrag er å styrkje digitaliseringa i helse- og omsorgssektoren for å understøtte effektive og samanhengande helse- og omsorgstenester. Direktoratet skal leggje til rette for nasjonal samordning og ei heilskapleg og føreseieleg e-helseutvikling.

Direktoratet for e-helse fører rekneskap i samsvar med kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen. Årsrekneskapen utgjer del VI av årsrapporten til Direktoratet for e-helse.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagt i samsvar med føresegnar om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet, og krav frå Helse- og omsorgsdepartementet i instruks om økonomistyring. Rekneskapen gir eit dekkjande bilde av Direktoratet for e-helses disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld.

Vurderingar av vesentlege forhold

I 2021 har Direktoratet for e-helse samla sett disponert tildelingar på utgiftssida på 1 218 216 000 kroner, inklusivt inntektskrav på 53 941 000 kroner. Avgitte belastningsfullmakter på til saman 500 000 kroner er inkludert i tildelingsbeløpet.

Det er motteke tre belastningsfullmakter på til saman 35 494 000 kroner der 17 045 063 kroner er nytta:

Kap.post	Pålydande	Bruktenytta
540.25	11 831 000	10 678 613
540.25	21 163 000	3 866 450
540.25	2 500 000	2 500 000
Sum	35 494 000	17 045 063

Samla tildeling på inntektssida er 53 941 000 kroner. I samsvar med tildelingsbrevet kan Direktoratet for e-helse overskride løyving over kap. 701, post 01 og 21 mot tilsvarande meirinntekter over kap. 3701, post 02.

Den totale utnyttingsgraden av tildelingane, justert for mindreinntekt og avgitte belastningsfullmakter, er 79 %. Utnyttingsgraden av tildelingane til kap. 701, post 21, kap. 744, post 01 og kap. 744 post 21, justert for mindreinntekt er 79 %.

Mindreutgifta for kapittel og post 701.21, spesielle driftsutgifter for Direktoratet for e-helse er på 254 271 656 kroner etter at det er justert for mindreinntekter frå eksterne prosjekt, kapittel og post 3701.02, i tillegg til avgitte belastningsfullmakter.

Hovuddelen av mindreutgifta er relatert til dei større programma, Program digital samhandling, EPJ-løftet, MF Helse, Felles kommunal journal og Helsedataprogrammet. Det er søkt om at beløpet på totalt 254 271 656 kroner blir overført til neste år i samsvar med berekningar i note B.

Mindreutgifta for kapittel og post 744.21 er på 20 519 275 kroner og er relatert til Program kodeverk og terminologi og andre oppgaver i forhold til styresmaktrolla til direktoratet. Beløpet blir søkt overført til neste år i samsvar med berekningar i note B.

For inntektskapittel 3701, diverse inntekter for Direktoratet for e-helse, vart mindreinntekta på 263 000 kroner.

Utbetalingar til lønn og sosiale utgifter er på 210 162 993 kroner, jf. opplysningar i note 2. Lønnsandelen av driftsutgiftene er på 23,5 %.

Summen av andre utbetalingar til drift utgjorde 682 362 546 kroner, jf. oversikt over andre utbetalingar til drift i note 3. Den største utgiftsposten er kjøp av tenester frå den nasjonale tenesteleverandøren, Norsk helsenett SF. Dette utgjør 369 763 602 kroner. Norsk helsenett SF er nasjonal tenesteleverandør og gjennomfører utviklingsprosjekta i programma i samsvar med rolle- og ansvarsfordelinga mellom Direktoratet for e-helse og Norsk helsenett SF. Direktoratet kjøper også konsulenttenester som supplement til egne tilsette ved behov for spisskompetanse eller auka kapasitet i avgrensa periodar. Direktoratet for e-helse er ei verksemd med endra oppgaver og oppgåvemengd frå år til år, noko som igjen krev ulik type kompetanse og ressursbehov. Nest største post er kjøp av andre framande tenester, og utgjorde 5 %. Dette gjeld primært kjøp av tenester frå Norsk helsenett SF innanfor områda IKT, innkjøp og dokumentasjonsforvaltning.

Det vart utbetalt 2 914 962 kroner til ulike investeringar, hovudsakleg knytt til lisensar og inventar.

Per 31.12.21 utgjorde mellomverande med statskassa 9 606 684 kroner, jf. note 8.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor og bekreftar årsrekneskapen for Direktoratet for e-helse.

Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per d.d., men ein reknar med at revisjonsmeldinga er klar i løpet av andre kvartal 2022.

Oslo, 28. februar 2022



Mariann Hornnes

Direktør Direktoratet for e-helse

Prinsippnote årsrekneskapen

Årsrekneskap for Direktoratet for e-helse er utarbeidd og avlagt etter nærmare retningslinjer fastsett i føresegner om økonomistyring i staten ("føresegnene"), fastsett 12. desember 2013 med endringar, seinast 23. september 2019. Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.1, nærmare føresegner i Finansdepartementets rundskriv R-115 av desember 2019 og eventuelle tilleggskrav fastsett av overordna departement.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret
- c) Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med brutto beløp
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet

Oppstillingane av løyving- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja "Netto rapportert til løyvingsrekneskapen" er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er tilknytt konsernkontoordninga til staten i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegnene pkt. 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemdar blir ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved årsslutt blir saldoen nullstilt på den enkelte oppgjærskontoen ved overgang til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som e-helse har rapportert til statsrekneskapen. Det blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen e-helse har fullmakt til å disponere. Kolonnen samla tildeling viser kva e-helse har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle egedelar og forplikingar e-helse står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Mottekne fullmakter til å belaste kapittel/post til ei anna verksemd (belastningsfullmakter) blir ikkje vist i kolonnen for samla tildeling, men er omtalt i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene knytt til mottekne belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen, og blir vist i kolonnen for rekneskap.

Avgitte belastningsfullmakter er inkludert i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Avgitte belastningsfullmakter blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått belastningsfullmakta, og blir derfor ikkje vist i kolonnen for rekneskap. Dei avgitte fullmaktene kjem fram i note B til løyvingsoppstillinga.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som viser egedelar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassa. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal Direktoratet for e-helse har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Direktoratet for e-helse har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsført og derfor ikkje vist som inntekt i oppstillinga.

Notar og oppstillingar

Oppstilling av løyvsrapportering 31.12.2021

Utgiftskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling*	Rekneskap 2021	Meirutgift (-) og mindreutgift
0701	E-helse, helseregister mv.	21	Spesielle driftsutgifter E-helse		873 328 000	618 763 714	254 564 286
0744	Direktoratet for e-helse	01	Driftsutgifter		181 385 000	181 385 000	0
0744	Direktoratet for e-helse	21	Spesielle driftsutgifter Medfinansieringsordning for lønnsame IKT-prosjekt-		163 766 000	143 246 725	20 519 275
0540	Digitaliseringsdirektoratet	25	Digital førarrettsforvaltning		35 494 000	17 045 062	
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	01	Nettoføringsordninga for mva i staten		0	158 726 791	
<i>Sum utgiftsført</i>					<i>1 253 973 000</i>	<i>1 119 167 292</i>	
Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		Samla tildeling*	Rekneskap 2021	Meirinntekt og mindreinntekt(-)
3701	E-helse, helseregister mv.	02	Diverse inntekter E-helse		53 941 000	53 678 000	-263 000
5309	Tilfeldige inntekter	29	Tilfeldige inntekter i staten		0	444 424	
5700	Folketrygd-inntekter	72	Arbeidsgivaravgift		0	25 831 437	
<i>Sum inntektsført</i>					<i>53 941 000</i>	<i>79 953 861</i>	
Netto rapportert til løyvsrekneskapen						1 039 213 431	
Kapitalkontoar							
60094301	Noregs Bank KK /innbetalingar					67 885 864	
60094302	Noregs Bank KK/utbetalingar					-1 104 386 399	
707017	Endring i mellomverande med statskassa					-2 712 896	
<i>Sum rapportert</i>						<i>0</i>	
Behaldning rapportert til kapitalrekneskapen (31.12)					31.12.2021	31.12.2020	Endring
707017	Mellomverande med statskassa				-9 606 684	-6 893 788	-2 712 896

Note A – Forklaring av samla tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samla tildeling
701 21	94 200 000	779 128 000	873 328 000
744 01	400 000	180 985 000	181 385 000
744 21	12 800 000	150 966 000	163 766 000
Totalt	107 400 000	1 111 079 000	1 218 479 000

Note B – Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift(-) / mindre utgift	Utgiftsført av andre iht. avgitte belastningsfullmakter (-)	Meirutgift (-)/ mindre utgift etter avgitte belastningsfullmakter	Meirinntekter/ mindreinntekter (-) iht. meirinntektsfullmakt	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving	Innsparing ar (-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp*	Mogleg overførbart beløp berekna av veksemda
701 21	"kan overførast"	254 564 286	-29 630	254 534 656	-263 000			254 271 656	1 449 065 000	254 271 656
74 401		0		0				0	9 069 250	-
744 21	"kan overførast"	20 519 275		20 519 275				20 519 275	321 558 000	20 519 275
				0				0		
				0				0	1 779 692 250	274 790 932
540 25	Motteken belastningsfullmakt	18 448 938		18 448 938	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell	Ikkje aktuell		

*Maksimalt beløp som kan overførast er 5 % av årets løyving på driftspostane 01-29, unntatt post 24, eller sum av løyvinga dei siste to åra for postar med stikkordet "kan overførast". Sjå årleg rundskriv R-2 for meir detaljert informasjon om overføring av ubrukne løyvingar.

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Mottekne belastningsfullmakter (gjeld for både utgiftskapittel og inntektskapittel)

Direktoratet for e-helse har fått tre belastningsfullmakter for kap. posten 540.25 på til saman NOK 35 494 000,- til prosjekta Digi helsestasjon, Pasientens legemiddelliste og Digital heimeoppfølging. Av desse har direktoratet brukt NOK 17 045 062,-. Alle prosjekta blir vidareførte i 2022.

Stikkordet «kan overførast»

Løyving for kapittel og post 0701.21 og 0744.21 er gitt med stikkordet "kan overførast", og beløpet inngår som ein del av mogleg overførbare beløp.

Avgitte belastningsfullmakter (utgiftsført av andre på utgiftskapittel og inntektsført av andre på inntektskapittel)

Direktoratet har avgitt ei belastningsfullmakt på totalt 500 000 kroner til Helsedirektoratet. Helsedirektoratet har berre nytta 29 630 kroner på denne fullmakta i 2021.

Fullmakt til å overskride driftsløyvingane mot tilsvarende meirinntekter

Direktoratet for e-helse har løyve til å overskride løyvingane for kap.post 701.21 mot tilsvarende meirinntekter over kap.post 3701.02.

Mogleg overførbart beløp

Totalt 274 790 932,- kroner er mogleg overførbart. Det er dei store programma som er i gang, som er hovudårsaka til mindreforbruket i forhold til tildelte midlar. Programma held fram i 2022.

Kap.post 744.01 og 744.21:

Det er eit mindreforbruk på NOK 20 519 275 for kap.post 744.21. Oppgåvene som er bokført på kap. post 744.01 og 744.21 heng saman.

Oppstilling av artskontorrapportering

		2021	2020
Driftsinntekter rapportert til løyvingsrekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr	1	0	0
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	1	0	909 628
Sals- og leigeinnbetalningar	1	53 678 000	120 829 650
Andre innbetalningar	1	0	0
<i>Sum innbetalningar frå drift</i>		<i>53 678 000</i>	<i>121 739 277</i>
Driftsutgifter rapportert til løyvingsrekneskapen			
Utbetalningar til lønn	2	210 162 993	172 116 693
Andre utbetalningar til drift	3	682 362 546	600 748 555
<i>Sum utbetalningar til drift</i>		<i>892 525 539</i>	<i>772 865 248</i>
Netto rapporterte driftsutgifter		838 847 539	651 125 970
Investerings- og finansinntekter rapportert til løyvingsrekneskapen			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		<i>0</i>	<i>0</i>
Investerings- og finansutgifter rapportert til løyvingsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar	5	2 914 816	2 289 954
Utbetaling til kjøp av aksjar	5,8B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	146	674
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		<i>2 914 962</i>	<i>2 290 628</i>
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		2 914 962	2 290 628
Innkrevingsverksemd og andre overføringar til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	211 099	0
<i>Sum innkrevingsverksemd og andre overføringar til staten</i>		<i>211 099</i>	<i>0</i>
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten			
Utbetalningar av tilskot og stønader	7	65 000 000	0
<i>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</i>		<i>65 000 000</i>	<i>0</i>
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapittel *			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		233 326	186 100
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		25 831 437	21 023 782
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		158 726 791	139 588 836
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</i>		<i>132 662 029</i>	<i>118 378 954</i>
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen		1 039 213 431	771 795 553

Oversikt over mellomverande med statskassa **

	2021	2020
Fordringar på tilsette	0	0
Kontantar	0	0
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank	0	0
Skuldig skattetrekk og andre trekk	-9 598 631	-6 802 687
Skuldige offentlege avgifter	-45 804	-101 043
Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse	0	0
Mottekne forskotsbetalingar	0	0
Lønn (negativ netto, for mykje utbetalt lønn m.m.)	37 751	9 941
Differansar på bank og uidentifiserte innbetalingar	0	0
Sum mellomverande med statskassa	8	-9 606 684

Note 1 – Innbetalingar frå drift

	31.12.2021	31.12.2020
<i>Innbetalinger frå gebyr</i>		
Sum innbetalingar frå gebyr	0	0
<i>Innbetalinger frå tilskot og overføringar</i>		
Tilskot frå EU	0	909 628
Sum innbetalingar frå tilskot og overføringar	0	909 628
<i>Sals- og leigeinnbetalingar</i>		
Eksterne refusjonsinntekter	53 678 000	120 829 650
Sum sals- og leigeinnbetalingar	53 678 000	120 829 650
<i>Andre innbetalingar</i>		
Sum andre innbetalingar	0	0
Sum innbetalingar frå drift	53 678 000	121 739 277

Note 2 – Utbetalingar til lønn

	31.12.2021	31.12.2020
Lønn	167 401 923	136 592 201
Arbeidsgivaravgift	25 896 414	21 416 756
Pensjonsutgifter ³⁸	19 194 465	15 363 207
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-6 211 427	-4 229 282
Andre ytingar	3 881 616	2 973 811
Sum utbetalingar til lønn	210 162 993	172 116 693
Tal på utførte årsverk:	175	140

³⁸ Pensjonar blir kostnadsførte i resultatrekneskapen basert på faktisk påløpt premie for rekneskapsåret. Premiesats for 2021 er 12 %. Premiesatsen for 2020 var også 12 %.

Note 3 – Andre driftsutgifter

	31.12.2021	31.12.2020
Husleige	12 841 525	13 203 842
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leigde lokale	7 085	0
Andre utgifter til drift av egedom og lokale	3 605 200	3 863 511
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	905 281	365 868
Mindre utstysinnkjøp	3 169 262	2 686 449
Leige av maskiner, inventar og liknande	12 619 590	4 499 065
Kjøp av konsulenttenester ³⁹	607 354 284	531 584 720
Kjøp av andre framande tenester	31 162 236	34 806 015
Reiser og diett	925 892	3 045 154
Andre driftsutgifter	9 772 190	6 693 931
Sum andre utbetalinger til drift	682 362 546	600 748 555

Note 4 – Finans

	31.12.2021	31.12.2020
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Annan finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0

	31.12.2021	31.12.2020
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	146	674
Valutatap	0	0
Annan finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	146	674

³⁹ Kjøp av tenester fra nasjonal tjenesteleverandør Norsk Helsenett SF er inkludert i beløpet med 369 763 602 kroner.

Note 5 – Utbetalinger til investeringar og kjøp av aksjar

	31.12.2021	31.12.2020
<i>Utbetaling til investeringar</i>		
Immaterielle egedelar og liknande	1 128 127	441 671
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	0	0
Infrastruktureigedelar	0	0
Maskiner og transportmiddel	0	0
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	1 786 689	1 848 283
Sum utbetaling til investeringar	2 914 816	2 289 954
	31.12.2021	31.12.2020
<i>Utbetaling til kjøp av aksjar</i>		
Kapitalinnskot	0	0
Obligasjonar	0	0
Investeringar i aksjar og andelar	0	0
Sum utbetaling til kjøp av aksjar	0	0

Note 6 – Innkrevingsverksemd og andre overføringer til staten

	31.12.2021	31.12.2020
Tilfeldige og andre inntekter (Statskonto 530929)	211 099	0
Sum innkrevingsverksemd og andre overføringer til staten	211 099	0

Note 7 – Tilskotforvaltning

	31.12.2021	31.12.2020
Tilskot til ikkje-finansielle føretak	65 000 000	0
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten	65 000 000	0

Note 8 – Samanheng statskassa

	31.12.2021 Spesifisering av <u>bokført</u> avrekning med statskassa	31.12.2021 Spesifisering av <u>rapportert</u> mellomverande med statskassa	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og andelar*	0	0	0
Obligasjonar	0	0	0
<i>Sum</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Omløpsmidlar			
Kundefordringar	616 740	0	616 740
Andre fordringar	0	0	0
Bankinnskot kontantar og liknande	0	0	0
<i>Sum</i>	<i>616 740</i>	<i>0</i>	<i>616 740</i>
Langsiktig gjeld			
Annan langsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-1 767 393	0	-1 767 393
Skuldig skattetrekk	-9 598 631	-9 598 631	0
Skuldige offentlege avgifter	-45 804	-45 804	0
Annan kortsiktig gjeld	37 751	37 751	0
<i>Sum</i>	<i>-11 374 077</i>	<i>-9 606 684</i>	<i>-1 767 393</i>
Sum	-10 757 337	-9 606 684	-1 150 653

7 Vedlegg

Likestilling og ikkje-diskriminering

Direktoratet for e-helse ønskjer å fremje likestilling og hindre diskriminering på grunnlag av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, nedsett funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder og andre vesentlege trekk ved ein person (jf. [Likestillingslova](#)). I dette vedlegget gjer vi greie for status og forbetringstiltak. Vi tek utgangspunkt i rettleiinga frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir).

Del 1: Tilstand for kjønnslikestilling

Tilsette

Direktoratet hadde 209 tilsette pr. 31.12.2021. Direktoratet hadde ingen deltidstilsette. Tabellen under viser kjønnsfordelinga på ulike variablar.

	Tilsette (fast, midl. vikarar) – tal	Tilsette – %	Mellombels stilling – tal	Foreldrepermisjon – gjennomsnitt veker
Kvinner	134	64	5	17
Menn	75	36	0	12
Totalt	209	100	5	29

Lønn

I samsvar med rettleiinga til Bufdir, skal direktoratet annakvart år gjere greie for lønnsforskjellar i verksemda. Direktoratet har pr. desember 2021 gjennomført kartlegging av lønn på ulike stillingsnivå, blant anna fordelt på kjønn. I direktoratet er stillingsnivåa gruppert i samsvar med den statlege lønnsplanen; førstekonsulentar, rådgivarar, seniorrådgivarar, seksjonssjefar og avdelingsdirektørar.

Kartlegginga som er oppsummert i tabellen under, viser at kvinner tener noko mindre (gjennomsnitt og median) enn menn i alle stillingskategoriar utanom rådgivar- og seksjonssjefskategorien.

Direktoratet for e-helse pr. 1. desember 2021	Totalt		Kvinner				Menn			
	Andel tilsette	Antall tilsette	Tal	Andel	Gj.snitt årslønn	Median årslønn	Tal	Andel	Gj.snitt årslønn	Median årslønn
Totalt i E-helse*	100 %	210	134	64 %	860 372	862 050	76	36 %	944 075	949 118
Totalt i E-helse (u. leiarar)*	88 %	184	120	65 %	832 565	841 107	64	35 %	899 881	931 900
Seniorrådgivar	77 %	161	102	63 %	867 492	870 079	59	37 %	924 087	938 900
Avdelingsdirektør	7 %	15	9	60 %	1 115 953	1 134 600	6	40 %	1 201 992	1 149 200

Resultata for førstekonsulentar, rådgivarar og seksjonssjefar kan ikkje attgjevast grunna at talet er mindre enn fem tilsette.

Sjølv om det er indikasjonar på lønnsforskjellar mellom kvinner og menn, er det ikkje identifisert lønnsforskjellar som berre blir forklarte med kjønn. Direktoratet er oppteke av at våre tilsette skal ha lik lønn for same arbeid eller arbeid av lik verdi uavhengig av kjønn og har stort fokus på dette i lønnsfastsettingar, lønnsendingar og i lønnsforhandlingar gjennom tett dialog med kvar enkelt leiar.

Del 2: Arbeidet vårt for likestilling og mot diskriminering

2.1 Direktoratet som arbeidsgivar

Likestillingsarbeidet til direktoratet som arbeidsgivar er forankra i leiinga og arbeidsmiljøutvalet (AMU). Organisasjonane til arbeidstakarane er i tillegg involverte i samanheng med dei årlege lønnsforhandlingane.

I det følgjande beskriv vi våre prinsipp, prosedyrar og forbetringstiltak innanfor likestillingsområda. AMU har gitt innspel til dette vedlegget og til vår interne handlingsplan, som vi oppdaterte i januar 2022.

Rekruttering

Direktoratet har strukturerte prosesser for rekruttering. Før ei stilling blir utlyst blir det gjennomført eit oppstartsmøte med leiaren som har rekrutteringsbehovet. Her blir det kartlagt kva kompetanse og eigenskapar som er nødvendige og ønskjelege for stillinga (behovs-/jobbanalyse). Det blir også vurdert om stillinga kan utlysast innanfor trainee-programmet i staten. Som eit tiltak i inkluderingsdugnaden vedtok direktoratet hausten 2021 ein ambisjon om å utlyse éi stilling pr. halvår innanfor programmet, føresett eit framleigst høgt rekrutteringstempo. Hittil har éi stilling vorte utlyst og éin person er tilsett. Direktoratet har i 2021 tilsett to personar som er i målgruppa for inkluderingsdugnaden, men 5 %-målet vart ikkje nådd.

Stillingar blir lyste ut via Webcruiter og blir annonserte på nettsida vår, Finn, NAV, LinkedIn og i nokre tilfelle i kombinasjon med andre digitale flater. Vi informerer også internt om ledige stillingar. I formidlinga legg direktoratet vekt på å vise at vi har mål om å vere ei likestilt og inkluderande verksemd. I annonsar oppfordrar direktoratet alle kvalifiserte kandidatar til å søkje ledig stilling, uansett alder, kjønn, arbeids- og livserfaring, hol i CV-en, seksuell legning, etnisk bakgrunn eller funksjonsevne. Det blir kommunisert at direktoratet ønskjer å leggje til rette for personar med nedsett funksjonsevne

Personar som søker ledig stilling i direktoratet kan velje å ikkje oppgje kjønn. Dei kan også krysse av for nedsett funksjonsevne, hol i CV eller innvandrarbakgrunn. Direktoratet inviterer alltid minst éin frå kvar kategori til intervju såframt vi vurderer at søkjaren oppfyller kvalifikasjonskrava. Strukturerte intervjumalar blir nytta. Intervjuguidar blir utarbeidde i forkant av intervjurundane og alle kandidatar får like spørsmål og lik intervjutid.

Direktoratet har bygd opp eit kompetansemiljø med god erfaring med rekruttering i statleg verksemd, og god kjennskap til regelverk for likestilling og ikkje-diskriminering.

Forbetringspunkt

- Meir bruk av bilde som speglar mangfald (går føre seg).
- Nå mål i inkluderingsdugnaden (går føre seg).
- Bevisstgjere leiarar på fordommar, stereotypiar og utfordringar under intervju (under planlegging).

Lønn

Den lokale lønnspolitikken til direktoratet byggjer på lønnspolitikken til staten og reglane i hovudtariffavtalane. Den lokale lønnspolitikken beskriv korleis lønssystemet skal brukast og kva lønsmessige tiltak som er nødvendige for å nå måla til verksemda. Lønnspolitikken

skal bidra til å rekruttere, utvikle og behalde høgt kvalifiserte og motiverte tilsette. Den skal sikre at likelønn, kompetanse og ansvar blir vareteke for både fast og mellombels tilsette, og for tilsette som er i permisjon eller til behandling/rehabilitering. Desse blir vurderte lønnsmessig og forhandla for på lik linje med tilsette i fullt arbeid. Lønnsutviklinga for deltids- og mellombels tilsette blir følgd opp som for fast tilsette.

Lønnspolitikken skal også stimulere til at eldre tilsette blir ståande så lenge som mogleg i jobben. Direktoratet skal jobbe for at utilsikta lønnsmessige skeivskapar blir utjamna og følgje prinsippa om openheit, likebehandling og reell likestilling mellom kjønna (lov om likestilling § 5). Tillitsvalde og leiinga har utarbeidd kriterium for å sikre at lønnsopprykk blir gitt på bakgrunn av evner, prestasjonar, arbeidsoppgåver, kompetanse, kvalifikasjonar og erfaring som er relevante for stillinga.

Gjennom den lokale lønnspolitikken skal direktoratet sørgje for lik lønn for likt arbeid. Uttilsikta lønnskeivskapar skal unngåast. Arbeidsgivar følgjer derfor nøye med på lønnsutvikling for alle tilsette uansett kjønn, alder og bakgrunn, med omsyn til prestasjonar, kvalifikasjonar, haldningar, arbeidsoppgåver, kompetanse, erfaring og evner. I forkant av dei årlege lønnsforhandlingane tilbyr alle leiarar sine tilsette samtale om kompetanse, ansvar, lønn og karriereutvikling.

Ei kartlegging gir indikasjonar på forskjell i lønn mellom kvinner og menn, jf. omtale av dette tidlegare i dette vedlegget. Direktoratet følgjer denne utviklinga nøye og vil setje inn tiltak ved behov.

Forbetringspunkt

- I større grad ta omsyn til statistikkar for kjønn og alder ved lønnsfastsetting og lønnsutvikling (går føre seg)
- Søkje å jamne ut utilsikta lønnskeivskapar, spesielt med omsyn til kjønn, ved lønnsjusteringar (går føre seg)
- Utarbeide stillingsbeskrivingar med tilhøyrande lønns plasseringar

Forfremjing og utviklingsmoglegheiter

Direktoratet har behov for å tiltrekkje seg og utvikle rett kompetanse. Det skal byggjast ein kultur der alle medarbeidarar bidreg til vidareutvikling av fag og organisasjon, der leiarane legg til rette for deltakinga og utviklinga til den enkelte. Kompetansen til tilsette skal nyttast i rett rolle på rett stad. HR-strategien til direktoratet har kompetanse- og karriereutvikling som eit av fokusområda.

Det blir gjennomført årlege medarbeidarsamtalar der utviklingsmoglegheiter og kompetanseheving er eit sentralt tema. Tilsette har moglegheit for å få innvilga utdanningspermisjon og hospitering i andre verksemdar. Det blir lagt til rette for intern rotasjon ved at ledige oppgåver blir lyst ut internt før ei eventuell ekstern utlysing av stilling. Den lokale lønnspolitikken legg vekt på at høgt kvalifiserte og kompetente medarbeidarar skal ha moglegheit for ein fagleg karriereveg der lønnsutvikling er likestilt med lønnsutviklinga i ein leiarkarriere.

Forbetringspunkt

- Utarbeide plan for å nå måla i HR-strategien for kompetanse- og karriereutvikling

Tilrettelegging for mangfald og moglegheit for å kombinere arbeid og familieliv

Dei tre lokasjonane til direktoratet har universell utforming. Garderobe og toalett er tilrettelagt for mangfald i kjønnsidentitet på to av lokasjonane. På den største lokasjonen er eit eige rom reservert for kvile, amming eller bønn. Kantine tilbyr mat for allergikarar mm. Tilsette kan trene i arbeidstida inntil to timar pr. veke, og av dei er éin time dekt av arbeidsgivar (to timar 1. halvår 2021). Leiarane har god kultur for å imøtekomme medarbeidarar som treng tilrettelegging, fridagar eller fleksibilitet pga. livssituasjonen sin. Under koronapandemien er fleksibilitet og individuell tilpassing vorte ytterlegare vektlagt. Det er tilrettelagt for at dei tilsette skal kunne jobbe heimanfrå og nytte tiltak som oppheva kjernetid og utvida rett til omsorgsdagar / timar. Hyppig informasjon om dette på intranettet til direktoratet er vektlagt. Rutinar og ordningar er beskrivne i HMS-handboka. Direktoratet har nullvisjon for brot på arbeidstidsreglane.

Forbetringspunkt

- Ferdigstille planlegging av Framtidas arbeidsplass (går føre seg).
- Redusere arbeid utover normalt tal timar pr. dag/veke (går føre seg).
- Utarbeide livsfasepolicy.

Arbeidsmiljø, trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vold

Direktoratet ønskjer å tilby tilsette eit trygt og godt arbeidsmiljø. Det finst bl.a. rutine for varsling av kritikkverdige forhold og rutine for konflikthandtering. Arbeidsmiljøet blir kartlagt gjennom vernerundar i lokala, i tillegg til årlege medarbeidarsamtalar, HMS-møte og medarbeidarundersøking. Sistnemnde vart ikkje gjennomført i 2021, men det vart gjennomført fleire pulsmålingar, og det var tett 1:1-dialog mellom leiar og medarbeidar. Direktoratet har tradisjonelt eit lågt omfang av mobbing og trakassering (1 % ved medarbeidarundersøkinga i 2020) og leiinga har signalisert sin nulltoleranse og nullvisjon. Temaet er synleggjort i mal for medarbeidarsamtale. Ut frå kartleggingane blir det utarbeidd planar, som blir følgde opp. Direktoratet har bedriftshelseteneste, verneteneste og arbeidsmiljøutval (AMU). AMU har under pandemien månadlege møte. Retningslinjer for oppmøte, smittevern osv. har vorte hyppig oppdatert. Arbeidsmiljø er eit fokusområde i HR-strategien og tema i interne etiske retningslinjer. Arbeidsmiljø er viktig for helse og livskvaliteten til dei tilsette og støttar opp under eit av berekraftsmåla til FN som direktoratet har valt: God helse og livskvalitet.

Forbetringspunkt

- Utarbeide plan for å nå målet i HR-strategien for eit attraktivt arbeidsmiljø.
- Utarbeide Akan-policy i tilknytning til lokale etiske retningslinjer.

Direktoratet som offentlig styresmakt

I 2021 fekk direktoratet ein ny kommunikasjonsstrategi der det blir slått fast at vi skal setje brukarane i sentrum. Som følgje av dette har direktoratet i 2021 blant anna jobba med kompetanseheving i kommunikasjonsavdelinga på universell utforming. Det blir lagt større vekt på å sikre at alt nytt innhald som blir publisert i kanalane til direktoratet, er i samsvar med krava. For 2022 blir det planlagt eit kompetanseløft på området for alle tilsette i direktoratet.

Satsinga på klarspråk som starta i 2020 er vidareført i 2021. Dei tilsette i direktoratet har for alvor teke i bruk klarspråk som arbeidsmetode. Blant anna er det gjennomført 15 skriveverkstader med ulike fagmiljø. Ein av dei tilsette i direktoratet fekk i 2021 prisen «Årets trekkhund 2020» frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet for innsatsen sin i arbeidet med klarspråk.

Det blir jobba systematisk med å auke andelen nynorsk i kommunikasjonen til direktoratet. I 2021 var det nynorskmånader annankvar månad, der alt innhald som blir publisert i kanalane til direktoratet, skal vere på nynorsk. Som følgje av dette har direktoratet dei siste to åra heva andelen nynorsk i sosiale kanalar frå 0 til over 60 %.

I kommunikasjonsarbeidet har direktoratet medvit rundt krava i likestillings- og diskrimineringslova. Blant anna gjennom bildebruk prøver vi å formidle mangfald, og i 2021 er tilfanget av bilde som speglar mangfald, auka i bildearkivet vårt.

Direktoratet for e-helse har utgivaransvaret for innhaldet på Helsenorge.no, den offentlege nettstaden innan helse for innbyggjarar i Noreg. I 2021 har Norsk helsenett leidd arbeidet med ein ny innhaldsstrategi for Helsenorge.no, der direktoratet har bidrege blant anna med å sørge for at det blir stilt krav til at innhaldet er i tråd med lovkrav.

